

ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 1– 2017 19. årgang kr. 80,-



Leiar:

Gode lesar av Isflaket

Du har fått i hende første utgåva av Isflaket 2017. Det å få jobbe med Isflaket er like kjekt til kvar utgåve. Det er ein fin måte å få formidla mykje spanande polarhistorie til eit stadig veksande publikum.

Eg har skrive det i denne spalten fleire gongar før, formidling er det viktigaste og kjekkaste vi veit å halde på med på Ishavsmuseet. Utfordringa er at det er så mykje spanande historie vi har lyst å fortelje, men ledig rom for utstilling byrjar verte eit problem.

Kjekt då at Isflaket får stadig fleire lesarar, og at stadig fleire finn vegen til Ishavsmuseet og besøker utstillingane våre.

Til opninga i 2017 vil du som besökande også finne litt nytt, sjølv om vi i år ikkje har store nye utstillingar, er det fleire utstillingar som har blitt flikka på, og litt nyhende har dukka opp i eksisterande utstillingar. Den største nyhenda i år vert personheisane for rørslehemma som har kome til.

På dagen for sesongopning, søndag 23. april, vil også heisane verte offisielt opna.

I spalten Nytt frå museet vil du sjå ein del av programmet vårt for 2017. Det største arrangementet i år vert nok heimkomsten til Polarstar, helga 25. – 27. august.

Eg veit det er mange som gler seg til å sjå igjen denne skuta som no har lege snart fire år i Polen til restaurering.

Tidlegare mannskap og passasjerar frå Polarstar frå både inn- og utland har byrja å ringe Ishavsmuseet for alt frå program, via servering til overnatting. Det er heilt klart ei stor interesse rundt det å få Polarstar heim. Vi lovar å kome attende med meir program i neste utgåve av Isflaket.

Gjennom Isflaket har lesarane fått følgje med i arbeidet som har føregått om bord.

Til Ishavsmuseet har vi heile vegen fått mange hundre bilde av arbeidet som har vore utført. Lat oss avsløre det med ein gong. Det er eit ufatteleg arbeid som er utført om bord!

Det er mange av oss som bør stille på kaia når Polarstar kjem og takke Willy Nessel stort for det enorme arbeid og dei store økonomiske

utlegg han har lagt igjen om bord i denne staute ishavsskuta. Noregs første selfangar i stål. Her bør kultur-Noreg raskt kome på bana og vise si takksemd.

Når du som lesar får dette bladet i hende er det 100 år sidan den største tragedien i Vesterisen. På side fire kan du lese meir om dette tragiske 100 års minne.

Vidare vil du finne ein artikkel frå Knut Arne Romestrand som mimrar om ein tur han hadde med «Fangstmand» som 15-åring. I artikkelen «Første skip til Daneborg» fortel Ragnar Thorseth vidare om turen med «Santho», og på side 30 kan du lese om innførsel av moskus frå Grønland.

Dei faste spaltene Frå arkivet, Nytt frå Ishavsmuseet og Frå samlingane er også med. Sigmund Bøe fortel om turen med «Arktos» i 1940. Dei hadde pakka for to-tre månadar, men han vart vekke i seks år.

Kan hende var du av dei som stussa på at eg i denne spalten i førre utgåve ønskte God jul og godt nyttår når du mottek bladet midt i januar. Forklaringa er at bladet, nr. 4-2016, var i god rute til å kome i postkassa di til julehelga, men under omlasting av Isflaket på Svinesund hamna bladet på feil bil. Før nokon oppdaga kva som hadde hendt, var kassene med Isflaket kome langt inn i dei finske skogane. Ei kjapp om-dirigering gjennom Sverige til Noreg kom ikkje på tale. Tollreglane var klare, Isflaket måtte attende til opprinnelselandet som er Polen, og skipast på nytt.

Vi held oss på trygg grunn denne gong, og ønskjer berre god vår til alle lesarar.

Brandal 15. mars 2017

Webjørn Landmark
Redaktør

Dynamitten

V/ Helge Ødegård.

Det er mange historier som går om skuter som låg fast i Kvitesjøen.

Mannskapet fann ofte på ting for å få det litt moro. Det gjekk ofte sport i å lure kameratane sine. På ei av skutene hadde dei i lang tid ein stor skøyar av ein maskinist. Det var utrulig kor flink han var til å lure kameratane sine.

Men det var uskuldig moro, han lurte ikkje dei som tok seg nær av det.

Ein gong låg skuta fast i Kvitesjøen, dei måtte bruke dynamitt for å få skuta laus.

Maskinisten tok papiret av ei «dynamittpatron», og fekk tak i ei kokt potet.

Denne poteta knødde han til, og laga ei ladning som passa i papiret. Ein luntestubb vart så stukken i denne blandinga.

Så gjekk turen til byssa der stuerten heldt på med middagen.

Maskinisten la seg over halvdøra og lurte på om stuerten hadde fyrstikker. Jau, stuerten hadde då det, og maskinisten fekk tent lunta som var usedvanlig kort.

Då maskinisten hadde fått fyr, var han «uheldig», han miste ladningen ned på byssedørken. Ladningen låg der, og lunta freste og brann. Stuerten miste heilt fatninga. Han nærmast hoppa over halvdøra og sprang på isen. Der sto han bak ein is-knultr og venta på den store smellen.

Maskinisten og resten av mannskapet hadde det moro i fleire dagar. Dei kunne ikkje forstå korleis stuerten greidde å kome seg over halvdøra så kvikt.

Han var litt opp i åra og heller tjukkfallen. Sjølv unge gutter på 17 – 18 år hadde vanskar med å kome over den halvdøra i ein fart.



Innhald

Katastrofepåska 1917	side 4
På ishavet som 15 åring	side 15
Første skip til Daneborg	side 20
Moskus frå Grønland	side 30
Frå arkivet	side 40
Rapport frå Polarstar	side 42
I vesterveg med Arktos	side 48
Nytt frå Ishavsmuseet	side 58
Frå samlingane	side 60
Eit 100 års minne	side 61

ISFLAKET

Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Tlf. resepsjon 700 92 004 Tlf. kontor
700 92 900, mob 95 11 76 44

Redaksjon: Webjørn Landmark, redaktør
webjorn@ishavsmuseet.no

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr.
300,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 750,-

www.ishavsmuseet.no

www.ishavsvener.net

www.facebook.no/aarvak

Forsidefoto: Aarvak får hjelp av Salvator. Foto Odd Bjørklo

ISSN 1891-9480

Katastrofepåska 1917

Av Webjørn Landmark

I godt over 100 år har nordmenn drive selfangst i ishavet. Over fleire generasjonar har fangstfolk funne sitt levebrød under ekstreme vilkår der vårgudane kunne vere nådelause.

Ingen andre maritime yrke har prosentvis så mange fartøy gått tapt som i selfangstyrket.

I perioden 1925-29 forliste 8,9 prosent av dei norske ishavsskutene.

1930-34 forliste 6 prosent og 1935-39 7,1 prosent.

I ei 15 års periode frå 1924 til 1939 forliste 117 norske selfangstskuter.

Selfangsten i Kvitsjøen byrja i 1919 og dette feltet vart det mest utsette for forlis. I 1928 forliste 19 skuter på dette feltet, 11 av dei på eit døgn.

Men på dette feltet var det færre fangstfolk som kom vekk, det var lettare å berge seg sidan feltet låg nær land, og oftast så var det kameratskuter i nærlieken som kunne kome til å berge dei. Verre var det i Vestisen.

Den største selfangstkatastrofen

I 1917 kom seks skuter vekk i Vestisen med 74 mann om bord. Mange som har omtala og skrive om katastrofen seier at det forliste sju skuter i Vestisen dette året og at 88 mann miste livet. Dette er ikkje heilt rett.

Forklaringa er at dei også har rekna med «Hercules II» som gjekk frå Ålesund 4. april 1917 på veg til vestkysten av Grønland for å fangste kvalross med eit mannskap på 14.

Det er det siste ein veit om skuta.

Ingen veit så mykje om kva som skjedde i påska 1917 i Vestisen.

Men vi veit at skutene som kom vekk - D/S «Admiralen», Bergen, gjekk ut 29. mars (12 mann), D/S «Arctic», Ålesund, gjekk ut 2. april (12 mann), D/S «Aslak», Ålesund, gjekk ut 28. mars (12 mann), D/S «Ceres I», Tønsberg, gjekk ut 29. mars (12 mann), D/S «Heim», Ålesund, gjekk ut 2. april (13 mann) og D/S «Lunheim», Ålesund, gjekk ut 22. mars (13 mann) - var i fangst inne i isen nordaust av Jan Mayen då det




Måleri av «Lunheim» i utstillingane til Ishavsmuseet.

bles opp til nordaustleg orkan natt til den 8. april.

Fem andre skuter var i det same området, men greidde å kome seg unna så vidt det var etter fleire harde døgn.

Ei av desse var «Lysningen» og der om bord kunne dei fortelje at «han vart så grådige å blåse at skuta lydde ikkje verken maskin eller ror». Alle desse fem skutene hadde skader etter isflak som orkanen peiste mot dei.

Dette var før radioen var vanleg om bord i skutene, folk heime tok ikkje til å forstå at ei katastrofe hadde skjedd før langt ut på sommaren, 9. august, fire månadar etter katastrofen, og etter at alle dei andre skutene var komne heim, gjekk alarmen.



«Lysningen»


Men alt då dei første skutene kom heim 20. april, vel ei veke etter uvêret, starta rykta å gå om fleire sakna skuter.

Fangstmennene sjølve snakka lite om skadevêret som hadde vore. Dei ville ikkje uroe dei som venta heime.

Peder Eikrem frå Volda var med «Skansen» på fangst dette året, og etter heimkoma fortalte han ein kamerat om det uhhyggelege uvêret og sa han ottast at dei sakna skutene hadde forlist.

«Då spurde kameraten min meg om eg hadde vorte galen som kom heim å snakka slik. Det ville få folk til å tru det verste, og når dei så har syrgt seg halvt i hel, så kjøme skutene heim i god behald».

Sidan nemnde ikkje Eikrem meir om stormen før etter 45 år.



«Skansen». Foto Martin Pedersen frå Helene Pedersen.



Måleri av «Admiralen» frå utstillingane på Ishavsmuseet.

9. august begynte avisene og skrive om kva som kunne ha hendt i Vestisen.

Reiar Michael Knutsen som eigde to av dei sakna skutene, «Heim» og «Arctic», opplyser at det var konferert med fleire av dei mest erfarne skipperane om å utruste ein leiteaksjon. Dagen etter er handelsdepartementet inne i bilde, og dagen etter kjem amtmann Ihlen til Ålesund for å drøfte ein hjelpeekspedisjon.

Det vart sett i gong med å finne høveleg skute for ein slik ekspedisjon, og laurdag 18. august seglar den splitter nye «Flemsøy» avstad på leiting. Skipper var Johannes Brandal, og ekspedisjonssjef var skipper Johan Olsen.

Dei siste observasjonar før stormen

Ein veit lite om overfarten til Vestisen.

Den 5. april meinte skipper Ragnvald Abrahamsen på «Driftig» å ha sett «Ceres I» i posisjon 70,50 N og 5.30 V.

Natt til påskeaftan den 7. april var skipper Severin Hessen på «Polheim» om bord i «Aslak». Dei hadde då 3-400 dyr og alt var vel om bord. Dei låg då på 68 grader n.br. Han hadde også observert «Lunheim», «Arctic», «Aslak» og «Heim» dagen føre.

Første påskedag om ettermiddagen braut det ut eit kraftig uvêr med orkan frå nordvest. Orkanen rasa i over eit døgn før den la seg like raskt som den var kome.


Skutene som var hardast råka låg då på fangstfeltet i posisjon 70 gr. 54 min. nordleg breidde og 4 grader vestleg lengde.

Då orkanen la seg var «Polheim» åleine og dei gjekk i sikksakk og leita etter kameratskuter i åtte timar utan å sjå dei igjen. Etter at orkanen la seg var det heller ikkje nokon andre av dei om lag 50 skutene som var på feltet som hadde sett noko til dei sakna skutene. Heller ikkje vrakgods.

I tillegg til desse var også 15 fartøy på botlenosefangst ved Svalbard og nord for Færøyane, men heller ikkje desse kunne rapportere om noko funn.

Å finne årsaka til at skutene forliste vert mest spekulasjonar. Men at orkanen var hovudårsaka er det lite tvil om. Legg ein til vanskelege isforhold og 40 kuldegrader har ein nok oppsummert det meste av årsaka.

Hessen på «Polheim» meinte at dei sakna fartøy mest truleg hadde vorte øydelagde av nedising.



«Driftig»

Ei anna forklaring kunne vere at dei vart trefte og knuste av store isflak i vill dans på det frodande havet.

Det var tidleg i sesongen og alle skutene var tunge av bunkers og proviant for fleire månadar i isen. I tillegg til ei enorm vekt grunna ising.

Kanskje fekk skutene slik medfart inne i isen under orkanen at dei seinare bukka under i open sjø då det verste uveret var over.

Mannskapet om bord i «Driftig» såg ei av skutene som aldri kom att då «Driftig» var på veg inn i isen etter orkanen. Snøtjukka var slik at det ikkje var råd å oppfatte korleis det stod til med båten.

Kanskje vart skutene knuste inne i storisen slik det heldt på å skje med «Driftig». Eller kanskje er forklaringa gamlekarane ofte snakka om, nemleg at skutene kunne ha bakka seg ned på Jan Mayen i orkanen og havarert på den måten. Andre skuter har vore på nippet til å verte knuste mot vulkanøya i langt betre ver.

Det mangla ikkje på spekulasjonar og teoriar om dei sakna skutene. I 1917 var seks ishavsskuter senka av tyske ubåtar, i alle fall fire av dei var senka av den tyske ubåten «U 28», «Duen», «Sverre II», «Alaska» og «Sydkap» var senka i Austisen.

Rykter gjekk naturlegvis snøgt om at enkelte av dei sakna i Vestisen også var råka av ubåtkrigsen. Eit lesarinnlegg i Sunnmørsposten 24. september henviste til hamburgerbladet «Hansa» nr. 30 der det i ei liste var nemnt at «Lunheim» og «Arctic» skulle vere senka av tysk ubåt.

Men skutene i Vestisen skulle ha vore utanfor den erklærte faresona. Dagen etter melde Osloavisen Tidens Tegn at denne lista ikkje var til å stole på, då fleire båtar som ikkje var senka sto oppført.

Faktisk viste det seg seinare at av ei liste på 20 namn var 12 falske.

Ei av skutene som kom seg gjennom uveret flytande, var D/K «Driftig».

Då båten kom heim frå Vestisen, fortalde mannskapet kva dei hadde opplevd. Før stormen kom på, låg «Driftig» langt inne i isen nordaust for Jan Mayen. Det var godt vær, men lite fangst. Mannskapet skulle til å ta pause i arbeidet og feire påske då barometeret tok til å falle kraftig. Skipper Ragnvald Abrahamsen var uroleg og prøa eit par andre skuter som låg like ved. Men dei ville sjå situasjonen an.

«Driftig» sette kursen ut av isen. Men orkanen kom før skuta nådde ope hav. «Driftig» heldt på å verte knust mellom storisane som vart pressa saman. Dei fekk eit stort isflak inn på dekk. Isflaket knuste rekkestøttene på eine sida, men stogga mot maskinkeisinga. Heldigvis la skuta seg over og kvitta seg med isflaket.

Neste dag kom skute og mannskap seg ut i ope hav. Lite bunkerskol var brukt. Skuta låg tungt i sjøen og var sterkt nedisa. På det kaldaste var temperaturen nede i 40 minusgrader. Sjøsprøyten fraus straks til is på riggen og overbygget.

For å berge seg laut mannskapet kvitte seg med mykje av kolet. Då kulden gav seg noko, greidde dei å banke vekk mesteparten av isen på skuta. Men faren var ikkje over.

I rom sjø truga ein annan fiende. Polarstraumen og den overhendige vinden laga bårer som var nær ved å sende «Driftig» i djupet. Og sjøen toppa seg i skavlars som slo over skuta som kanonskot.

På veg inn i isen hadde «Driftig» skote to småkvalar. Så dei hadde kvalolje om bord. Skipper Abrahamsen gav ordre om å fylle kvalolje og maskinolje i sekker som vart slepte i sjøen feste til løparar av kvalline. Det var hol i sekkene slik at olje rann ut og dempa dei verste skavlane. Når sekkane var tomme for olje, vart dei halte inn og på fylte meir olje.



Skipper på «Arctic» Godtfred Brandal. Kolstift-teikning i utstillingane til Ishavsmuseet. Godtfred sin bror, Ole O. Brandal var skipper på «Lunheim» og begge kom vekk i 1917.

I eit par lange døgn heldt mannskapet på «Driftig» på med dette arbeidet. Då løya uveret og mannskapet fekk tetta ein mindre lekkasje på skuta.

Dei heldt deretter fram med fangstinga, men det var dårlig stell. Og dei for heim i månadsskiftet april-mai.

Peder K. Eikrem som var med Ålesundskuta «Skansen» fortalte til avisa Møre 45 år etter forliset at det var mest miner dei var redde for før dei la ut.

Han fortel vidare at 1916 hadde vore eit godt år på Ishavet med store lutar til mannskapet, og det var derfor mange som ville av garde i 1917. Ingen snakka om storm eller vanskeleg is som nokon fare, derimot dei tyske undervassbåtane og minebelta som skulle vere lagde borti i havet. Det var derfor dei som ikkje fekk lov av sine nærmaste til å reise på ishavet dette året.

«Skansen» var ei stimskute. Ho kom seg seint av garde og nådde først iskanten påskedagsmorgen i eit strålende vær. Isen låg der flat og fin som det skulle vore eit fjellvatn, fortel Eikrem. I middagstida tok det til å blåse og skuta byrja gå mot vinden.

Eikrem fortel vidare at då han kom på vakt ved midnatt «bles det so det hylte».

«Skansen» hadde då snutt og gjekk nokså trygt gjennom tett småis. Det var stuvarde mørkt og bitande kaldt – ned mot 40 kuldegrader.

Kring kl. halv to om natta kom dei ut i ope hav – det så opprørt og stygt ut. Eikrem fortel at havet kokte og bobla som ei fossande potetgryte – det var som å ligge på ein vulkan.

Skuta tok inn mykje sjø. Brota kom veltande innover attanfrå. Svalkeportane svalde ikkje unna – truleg var det fastfrosne – og pumpene i maskinrommet greidde ikkje å ta unna.

Dei måtte slå hol på rekka, men ho var så ispansra at sjølv det ikkje var enkelt.

Då det vart lyst 2. påskedag, sökte dei inn i isen for om mogleg å finn ei «le» der, men ut på dagen kom dei inn i storis og måtte snu.

Dei prøvde då å legge seg til like innanfor iskanten, der det var opne råker. Her rasa dei så unna stormen saman med småisen. Men her fekk dei seg også ein ny fiende – storisen. Dei måtte ta i bruk både maskin og av og til segl for å manøvrere seg unna så dei ikkje vart knuste mot desse is-kolossane.

Utanfor iskanten såg vi eit frykteleg brot, og det vart snakka om om bord at hadde dei vorte trefte av eit slikt brot så hadde dei vore gravlagde på ein augneblink.

Dei torde derfor ikkje å gå ut i ope hav, sjølv om dei også frykta for natta inne i isen. Men heldigvis vart det ei ljos natt, så dei greidde å oppdage storisane etter kvart som dei nærma seg.

Den forferdelige kulden hadde også gitt seg. Men orkanen holdt ved.

3. påskedag holdt det på å gå gale. Ein svær storis kom jagande. Skipperen prøvde å få skuta unna, men ein storsjø kom og slengte henne mot isen så ho heldt på å bli knust. I staden la ho seg unna og smatt forbi.

Natt til 4. påskedag var orkanen spakna. Dei snudde skuta og setje baugen mot vêret, men først etter to døgn til var heile stormen over. Då var skuta koma heilt til Jan Mayen.

Etter uvêret prøvde dei å kome i fangst, men isen var heilt knust, og selsamlingane borte. Det var berre ein og annan selen å få.

Andre skuter såg dei ikkje før etter fire-fem dagar, då dei møtte Ålesundsskuta «Øst», som mellom anna hadde fått stormasta avbroten i orkanen. Også «Skansen» hadde fått stygg medfart og lak så mykje at dei ikkje torde å sleppe den andre skuta av syne på eit par veker.

Då gjekk dei til Isafjord og reparerte og gjekk på fangst i Stredet. Også der var det vanskelege forhold.

Benjamin Brandal var skipper på «Haugen» i 1917 i Stredet og har fortalt om eit uvanleg vanskeleg år i Stredet, med is som han kalla restane av påkestormen. Det var hard is, tett baks med skodde og hard isskruing over alt. Dei hadde, i lag med «Aarvak» og skipper Vebjørn Landmark, blitt liggande og drive i tett isskruing i 12 dagar. Likevel var det berre «Haugen» og «Aarvak» som hadde last i Stredet det året.

Skutene som kom vekk i 1917 var ikkje av dei minste. Faktisk så vart dei fleste av dei, etter den tid, rekna som store.

«Lunheim» var den største av dei seks skutene med ei lengd på 95,2 fot og knappe 120 bruttotonn. «Lunheim» var den største skuta på Brandal då den var bygd i 1912, og i fleire år framover. Den var også blant dei første som var spesialbygde for selfangst.

«Admiralen» var minst med 76,6 fot, dei andre låg i mellom desse.

I dag hadde det sjølvsagt vorte omtala som livsfarleg å gå på selfangst i Vestisen med slike farkostar. Dei polare lågtrykka som herjar i området kan vere svært så lokale og femner ikkje over så store områder.

Hjelpeekspedisjon

Om morgonen laurdag 18. august gjekk D/S «Flemsøy» ut frå Ålesund for å leite etter dei som var sakna.

Skipper på «Flemsøy» var Johannes Brandal; leiar for ekspedisjonen var Johan Olsen frå Ålesund. Ekspedisjonen, som kosta 80.000,-



«Flemsøy» ved Angmagssalik under leite-ekspedisjonen i 1917.

kroner, var finansiert av fleire reiarar, med god statleg støtte.

Torsdag 23. august kom «Flemsøy» til Jan Mayen. Det vart leita på begge sider av øya, men det var ikkje noko å finne som stamma frå dei sakna skutene.

Dei gjekk oppunder Aust-Grønland og finkjemde Liverpool-kysten like nord for Scoresbysund. Lenger nord enn til 70 grader 22 minutt nordleg breidd kom dei ikkje på grunn av mykje is.

Ferda gjekk sørover; langsmed kysten der isen gjorde det mogeleg.

Den 1. september kom skuta til Angmagssalik. Ekspedisjonsleiaren på «Flemsøy» hadde sett sin lit til denne plassen, men dei kom ikkje fram på vrakgods eller opplysningar som kunne kaste lys på mysteriet.


«Flemsøy» sette kursen for Island og kom inn til Isafjord den 7. september. Derifrå gjekk dei til Siglufjördur.

Dit kom det telegram frå Langanes om at presten ved Saudanes hadde funne ein fangstbåt halvfull av sand i fjøra den 5. september.

Etter mange og lange diskusjonar fekk dei kjøpt båten med sysselmannen for 250,- kroner. Det viste seg at båten var bygd av båtbyggjar Nedregaard i Ålesund og var ny av året.

Først trudde ein at båten høyrd til «Lunheim». Seinare vart det slått fast at han hadde høyrt til «Heim». Av taustubbar på fangstbåten såg det ut som han var skoren frå skutesida med kniv.

At denne båten vart funnen ved Langanes styrka trua på at dei sakna fartøya kunne vere gått ned



Mannskapet på «Flemsøy» i 1917. Bakre rekke fra venstre: Stuert Karl Klemetsen, skytter Ingebrigrt Follestad, ekspedisjonsleiar Johan Olsen, skipper Johannes Brandal, maskinist Ole L. Godø, Hans Knutsen. Fremst fra venstre: Karsten Brandal, Ragnar Sollid, Harald Frantzen, Johan Røyset og Nils Knutsen. Foto frå utklipp av Aalesunds Avis 18. september 1917.

i nærleiken av Jan Mayen, då straumen herifrå går inn under kysten av Island.

I Vestisen vart det elles funne ei livbøye, men ein kunne ikkje seie om denne kom frå ei av dei sakna skutene eller frå ei som hadde vore i hardt ver, då der kunn sto Ålesund på bøya.

Den Islandske selfangaren «Kapur» skulle også den 10. juni ha observert eit stykke av ei gråmåla skipsside på 65 grader nord og 32 grader vest. På skipssida skulle der ha vore ein del ishud, og dei kunne sjå at der var tjørepapp mellom ishuda og sida. Men dei hadde ikkje granska funnet noko nærrare.

Då «Flemsøy» var innom Island var «Kapur» ute på fiske og dei fekk ikkje fleire førstehands opplysningar om observasjonen.

Om kvelden den 17. september klappa «Flemsøy» til kai i Ålesund. Leiteaksjonen var slutt. Over 2500 nautiske mil hadde skuta gått på leiting etter dei sakna selfangarane. Alt dei hadde funne var fangstbåten som hadde drive i land på Langanes på Island.

Dermed laut folk forsone seg med at skutene og mennene om bord aldri ville kome heimatt.

Dei seks skutene

D/S «Admiralen» var bygd i 1906 ved Skaaluren skipsbyggeri, Rosendal, og var 76,6 fot lang og 20,1 fot breidd. Den var såleis den minste av dei som kom vekk.

Då den var ny hadde den ein bensinmotor på 10 hk. Denne vart utskifta i 1908 med ei tostegs dampmaskin på 56 hk. «Admiralen» var bygd for Sigurd Johannesen og Gustav Puntervold i Bergen. Båten var bygd for havfiske, og var første gong på selfangst i 1912. Same år vart Hohan Baumann, Kristiania, eigar av båten. Den vart disponert av P. Th. Sandborg i Ålesund.

Dei 12 som kom vekk med «Admiralen» var: Skipper Karl H. Brandal, 24 år Brandal, maskinist Johan Rasmussen Lausund, 58 år Ålesund, fyrbøtar Sverre O. Vaagen, 18 år Sande, skyttar Odin Løset, 24 år Syvde, skyttar Paulus Flø, 25 år Ulsteinvik, stuert Audin Furst Nykrem, 18 år Herøy, Johan Rasmussen, 17 år Ålesund (son av maskinisten) Petter Jørgensen Havnegjerde, 17 år Langevåg, Elias Vadsetrem, 17 år Langevåg, Ragnvald Dyrkorn, 16 år Stordal, Mauritz Vågen, 21 år Herøy, Alfred Vaagen, 23 år Herøy.

D/S «Arctic» var bygd ved Skaaluren Verkstad i 1912, og fekk ei lengd på 88 fot, men vart forlenga til 95 fot seinare. Den var 22 fot breidd og 9,3 fot djup. Nybygget fekk ei tostegs dampmaskin på 74 hk, levert frå Brunholmens mek. Verkstad. «Arctic» var bygd for AS Skjærvå (Michael Knutsen) Ålesund.

Dei 12 som kom vekk med «Arctic» var:

Skipper Gotfred Brandal, 28 år Brandal, maskinist Rasmus Østrem, 29 år Ålesund, Knut Visnes, 19 år Kristiansund, skyttar Ole Leira, 20 år Volda, skyttar Ingvald Sulebakk, 27 år Sula, Ruben Grimstad, 17 år Hareid, Alf Nielsen, 18 år Kristiansand, Sverre A. Bjåstad, 19 år Hareid, stuert Ingvald Molvær, 23 år Langevåg, Otto Moe, 25 år Ørsta, Laurits Scheldrupsen, 20 år Gildeskål, Ole Rise, Hareid

D/S «Aslak» var bygd i 1913 ved Gravdals skipsbyggeri i Opsanger. Lengda på nybygget var 87,4 fot og den var 21 fot breidd med ei bruttotonnasje på 104. Skuta vart utstyrt med ei dampmaskin frå Aalesund mek. Verkstad på 75

hk. Opprinneleg var «Aslak» tinga av den tyske professor Karl Wilhelm Neuerburg å var tenkt til ein polarekspedisjon, men Ole Solbjørg, Ålesund, kjøpte fartøyet på slippen og var reiar ved forliset.

Dei 12 som kom vekk med «Aslak» var:

Skipper Jørgen Eksund, 36 år Ålesund, maskinist Emil Relling, 41 år Ålesund, Sivert Ose, 19 år Ørsta, Tore Bøifot, 27 år Strømsneset, skyttar Arne Ryste, 23 år Ørsta, Odin Langø, 32 år Nordmøre, Einar Finvik, 19 år Kristiansund, Johan Eksund, 17 år Ålesund, Martin Myklebust, 17 år Ørsta, Jakob Olsen Hovdenak, 19 år Ørsta, Olav Gurskevik, 23 år Gursken, Georg Johansen, Sverige.

D/S «Heim» var bygd i Lurvika i Aure i 1879. Båten var då 87,9 fot lang og 22,2 fot breidd med bruttotonnasje på 109. «Heim» var bygd for landhandlar Peter Th. Buschmann frå Lurvika i Aure. I 1899 er det Johannes Hovland og Rudolf Olsen som sel båten til Peder Devold, Lars Bakke og A. J. Øvre i Ålesund. I 1913 fekk skuta innsett ei tostegs 20 hk dampmaskin ved Liaaen i Ålesund. Den vart også ein del ombygd. I 1916 kjøper AS Ishavet (Michael Knutsen) D/S «Heim».

Dei 13 som kom vekk med «Heim» var:

Skipper Kristoffer Huseby, 33 år Langevåg, skyttar Birger Hatlenes, 26 år Vanylven, Cornelius Molvær, 21 år Langevåg, Einar Vold, 25 år Buksnes, Adolf Haug, 25 år Leka, Hans Hay, 24 år Tromsø, Oskar Bjerke, 19 år Ålesund, Bjarne Honningsvåg, 17 år Ålesund, Martin Trandal, 24 år, Ottar Huseby, 21 år Leka, Stuert Fredrik Fredriksen, 50 år Tromsø, maskinist Albert Hoel, 26 år Ålesund, fyrbøtar Johannes Øien, 20 år Molde.

D/S «Lunheim» var bygd ved Hans Gravdals skipsbyggeri i Opsanger i 1912. Nybygget var 95,2 fot langt med 119,83 bruttotonn. Den fekk ei dampmaskin på 105 ihk bygd ved Rosenberg mek i Stavanger. Det var Ole S. Brandal som fekk bygd «Lunheim» og den var ei stund den største selfangar på Sunnmøre. I 1915 fekk Ole. S. Brandal bygd ei enda større skute, «Lysningen», og han selde då «Lunheim» til Thalberg og Holm, Ålesund. «Lunheim» gjekk

ut frå Ålesund 22. mars 1917 utrusta frå Thalberg, men den vart sold til AS Lunheim, Olaf Stokken, Sandefjord etter avgang til Vesterisen.

Dei 13 som kom vekk med «Lunheim» var:

Skipper Ole O. Brandal, 25 år Brandal (bror til «Arctic» sin skipper), maskinist Gerhard Berg, 47 år Bolsøy, skyttar Karl Severinsen, 25 år Ålesund, fyrbøtar Severin Severinsen, 25 år Ålesund, stuert Hjalmar Johansen, 20 år Tromsø, skyttar Gunnar Kjær, 26 år Tromsø, Mathias Blomvik, 19 år Ålesund, Rolf Frøland, 19 år Ålesund, Ole Elgenes, 30 år Veøy, Carl J. Henriksen, 27 år Hemmerfest, Ole J. Dyrkorn, 18 år Stordal, Nils Krøvel, 19 år Ørsta og Petter M. Ringdal 19 år Bø.

D/S «Ceres I» var bygd ved Svendborg verkstad i 1912 som seglskip, men vart ombygd til dampskip i 1917. Den hadde ei lengd på 78 fot, 98 bruttotonn. «Ceres I» hadde ei 2 sylinder dampmaskin. (Gøteborg 1893). Reiar var N. O. Lofstad med fleire i Tønsberg.

Skuta hadde eit mannskap på 12 då den forliste, men ingen kjelder har klart å spore opp mannskapslista til denne. Dei fleste i mannskapet var frå Ålesund og Møre.

Den sjuande skuta

«Hercules II» var bygd ved Gravdals skipsbyggeri i Opsanger i 1913. Båten var 98,2 fot lang og fekk ei dampmaskin på 115 ihk frå Trondhjems mek verkstad. Det var AS Elf, Oslo som fekk bygd «Hercules II».



Mannskapet om bord «Hercules II» i 1916. Foto frå Ada Johannessen.

Selskapet hadde etablert seg i Ålesund med skipper Johan Olsen som driftsleiar. Selskapet hadde tidlegare kjøpt «Sleipner» og hadde hatt ein del med «Vesterisen» å gjere.

Skipper Knut Olsen, bror til Johan, ønskte seg ei skute av same type som «Hercules», men større. Dermed vart «Hercules II» tinga med «Vesterisen» som førebilete.

Knut Olsen var skipper då skuta var på sin første ishavstur i 1913.

I 1916 vart «Hercules II» skøytt over til AS Aalesunds Fangst & Fiske Co.

4. april 1917 gjekk «Hercules II» ut frå Ålesund og skulle på kvalrossfangst ved vestkysten av Grønland.

Etter at dei forlét norskekysten har ein ikkje meir opplysningar om «Hercules II». Skipperen hadde sagt at dei rekna med å vere attende i Ålesund rundt midten av september, men at det kunne verte til midten av oktober.

I slutten av november måtte ein innsjå at «Hercules II» mest truleg hadde kome vekk og vart rekna som den sjuande skuta som forliste med heile mannskapet i 1917.

Skipskontrollen uttala under sjøforklaringa at han ikkje hadde tru på at «Hercules II» kunne ha forlist på opne havet. Til det var den for sterk og godt bygd, og den hadde eit «præktig maskineri».

Årsaka måtte vere grunnstøyting, isskruing, samanstøyt med isfjell eller ei mine.

Det vart ikkje funne spor etter «Hercules II».

Dei 14 som kom vekk med «Hercules II» var: Skipper Knut Olsen, Ålesund, maskinist Christian Tonning, Larvik, fyrbøtar Peter B. Knutsen, Bergen, stuert Peter Hagen, skyttar Johannes Larsen, Mosjøen, skyttar Joakim Molvær, Ålesund, Johan Follestad, Ålesund, Lars Fylling, Ålesund, Oscar Olsen, Østersund Sverige, Per Fiskaa, Ålesund, Daniel Bjerknes, Ålesund, Johan Lervaag, Nordland, Dankert Sylte, Ålesund, og Abel Larsen, Ålesund.

Loggboka til «Hercules II»

Der var lite spor etter forlisa i 1917. Ein fangstbåt vart funnen. Men med så mange skuter skulle der vere så mykje meir.

Frå «Hercules II» som gjekk frå Ålesund med kurs for Grønland vart det og funnen ein gjenstand, fleire år etter.

Det var skipperen på «Hercules II», Knut Olsen, som så gjerne ville sende ei helsing heim til kona si før han sokk i havet.

Ja, så sterkt ville han det at helsinga kom fram, sjølv om det skulle gå nesten 30 år, og med hjelp av alle verdens gode makter.

Det hadde seg slik at når «Hercules II» sokk i havet, så flaut skipsjournalen opp. Ein slik journal ligg vanlegvis i ei skuff i ein kommode, men denne gangen så flotna altså journalen opp etter forliset og vart liggande og drive i sjøen. Eller kan det vere at mannskapet har gått i båtane og skipperen har teke med seg loggboka?

Lenge etter forliset var det at ein Færøysk fiskar fann journalen flytande i sjøen og tok den med heim. Då hadde denne journalen lege så lenge i sjøen at det meste som var skrive var uleseleg. Men denne fiskaren tok vare på denne journalen. Uvist kvifor.

Og så kom vi fram til 1940. Då var det ein båt med namn «Silva» som ville rømme frå den tyske okkupasjonsmakta her. Den kom til Brandal og leigde ein skipper herifrå, Bertel Landmark.

Han var bror til enka etter den skipperen som gjekk i havet i 1917, med «Hercules II».

«Silva» gjekk til Torshavn og vart verande der desse fem krigsåra.

På ein eller annan måte så fekk denne skipperen, Bertel Landmark, greie på at her var ein gammal fiskar som skulle ha skips journalen etter «Hercules II». Han fekk fatt i fiskaren, og fekk overlevert journalen for å ta den med heim til enka til skipper Knut Olsen, som då var søster til Bertel Landmark

Men så viser det seg at Bertel blir sjuk, han blir innlagt på sjukehus i Torshavn og dør seinare der.

Skulle journalen likevel bli verande der?

Nei, skjebnen slår til igjen. Fleire av Brandalsskutene blir verande i Halifax under krigen. Dei er no på heimtur i lag med andre

skuter som skal til Brandal. Dei får storm i Atlanteren, og brukar meir bunkers enn planlagt. Dei må inn til Færøyane for å bunkre.

Her får ein av desse skipperane, Knut Olsen, som er son av den Knut Olsen som gjekk i havet i 1917, greie på at onkelen hans, Bertel, ligg på sjukehus her og går for å besøke han.

Her får han overlevert skips journalen frå «Hercules II», og tek han med heim til mor si. 28 år etter forliset kom helsinga fram.

Då journalen til «Hercules II» vart funnen på Færøyane kan det vere ein teori at «Hercules II» har forlist nær Færøyane og ikkje i storstormen i Vestisen. Kunne det likevel vere hald i rykta om minesprenging?

Andrea Olsen, født Landmark, satt igjen med 7 born i alderen 12 år til 3 månadar etter at Knut kom vekk på «Hercules II». Bror til Knut, Oluf, døde same året. Ein tredje bror, Theodor kom vekk med «Kvitteggen» tre år seinare. Heller ikkje der fann dei noko spor i ettertid.

Kjelder:

Ishavsmuseets arkiv,
«Når storstormen rasar» artikkel av Finn Sindre Eliassen (Ishavsmuseet 2002),
«Ishavsfart» Odd Volland, 1951,
«Ishavsskuter» Johan Ottesen 1999,
Ulike avisartiklar frå Aalesunds Avis,
Romsdals Amtstidende,
Nordisk Tidende,
Aftenposten,
Vestfold Arbeiderblad,
Bergens Tidende,
Trondhjems Adresseavis,
Trondhjems Folkeblad og
avisa Den17deMai,
august, september og oktober 1917.

1917- påska slik «Polheim» - karane opplevde den

(Frå Sunnmøre Arbeideravis 6. april 1977)

Både været og isforholda var, der vi lå med «Polheim», forskjellig fra det som tidligere er beskrevet. Dessuten er det ikke operert med det rette antall skuter. Det var ni skuter som forliste, ikke sju som det blir nevnt både i avisene og i kringkastinga. «Aslak», «Arctic», «Lunheim», «Heim», «Admiralen», alle fra Ålesund, «Ceres» fra Tønsberg, «Hercules II» fra Bergen pluss to nordlandsskuter som jeg dessverre ikke vet navnet på.

Det er de to siste man har utelatt, men i motsetning til de andre skutene nordfra som gikk i Østisen, var disse på feltene i Vestisen. Å si at «Hercules II» gikk ned i Vestisen er heller ikke helt riktig, mest sannsynlig forliste den ved Island på veg bortover til Vest-Grønland på kvalrossfangst.

Den som på denne måten korrigerer en del av det som tidligere har kommet fram i pressa, er den 79 årige Hans Elias Knutsen. Han var fyrbøter på «Polheim», som lå på feltet sammen med fire av de skutene som gikk ned i 1917. Dessuten var han med «Flemsøy» på leiting samme året. Hukommelsen er det ingen ting å si på. Og om ikke det skulle være nok, legger han en bunke 60 år gamle avisutklipp og bilder foran oss for å fjerne eventuell tvil.

Turen med «Polheim»

Vi gikk ut 19. mars som den første skuta det året. «Polheim» var utrustet med fem kvalkanoner og en stor fangstbåt som lå på styrbord side av dekket. Dette for å gå på kvalfangst hvis det var dårlig fangst på isen. Dessuten hadde vi to vanlige fangstbåter på galgedekk.

Den 24. mars kom vi frem på feltet, men det var ikke dyr å se. Derfor holdt vi oss utenfor iskanten i tilfelle det skulle dukke opp kval. Men det var ikke langt mellom stormene, så vi søkte da ly bak isstrimler. Dessuten var temperaturen svært lav.

Palmesøndag var det spesielt kaldt, minst 40 kuldegrader. Og storm. Skuta lå hele dagen bak en isstrimmel, og det var mye nedising. Den store fangstbåten samlet så mye is at skuta ble helt skeiv mot styrbord. Da sjøen så ut til å spise opp isstrimmelen, ble fangstbåten sammen med isen hugd på sjøen for å lette skuta. Imidlertid løyet vinden, så vi var ikke i vanskeligheter.



Skutene kunne verte svært topptunge under nedising. Her «Rundøy». Foto fra Anne Karin Notøy.

Var det dårlig vær hele tiden?

Nei, mandag og tirsdag var det måtelig bra, så vi fortsatte å rusle nord-østover. Natt til onsdag var det vindstille, men da kom snøen. Ut over dagen snødde det voldsomt, og det var fremdeles kaldt.

Skjørtorsdag sluttet det å snø og det klarnet opp til sol og pent vær. I snøværet disse dagene hadde det kommet tre skuter, «Lunheim», «Heim» og «Arctic». De oppdaget vi først skjørtorsdag.

Vi fortsatte å gå i slakk is og sørpe som hadde lagt seg på sjøen, og vi fant litt fangst. Den samme dagen kom «Aslak» fra Ålesund. Også langfredag fangstet alle skutene, men da fangstinga skulle begynne påskeaften var vinden økt, slik at vi ikke kunne gå i nord-østlig retning, der fangsten befant seg.

Alle skutene lå da stille, og i ei råk i isen kom «Aslak» opp på siden av oss. Skipper Sevrin Hessen på «Polheim» ble da anmodet om å

komme om bord, og «Aslak» satte så en båt på sjøen og hentet Hessen i ni-tida på kvelden. Han ble der om bord til ca. klokken to.

Det begynte å blåse

Hvordan var været da?

Det var begynt å blåse litt mer, og det gjorde det utover hele natta. 1. påskedag var sørpa, som vi hadde ligget i, malt opp av sjøen, og om formiddagen begynte det å bli bare åpne havet. Sjøen gikk tung igjennom. Om kvelden, i åtte ni-tida, så vi de andre skutene for siste gang. Da forsvant lysene. Alle lå da og gikk mot været, vi lå lengst i le. Vinden økte og økte, så vi måtte stadig øke maskinkrafta for å holde mot vinden. Vi gikk til slutt med full fart, det vil si fulle krefter av de 120 hestekreftene som det var i «Polheim»'s maskin. De andre båtene hadde bare 70-75 hestekrefter.

Henimot midnatt satte vi ut drivanker og seks bølgedempere. Det vi var mest redd for var at de andre skutene skulle drive ned på oss. Men det var ikke lenge dette varte. Kabelen til drivankeret gikk av, og vi klarte ikke å holde skuta opp mot vinden. Da skuta slo seg på tvers måtte vi stoppe maskinen, det ville bare gjøre galt verre å la den gå. Det lille vi hadde oppe av mesan måtte vi ta ned, da det bare krenget skuta. Så lå vi der og dreiv.

I mellomtida hadde vi slått ut rekkebordene på babord side slik at sjøen kunne gå fritt. Vinden fortsatte å øke utover natta og skuta lå skeiv bare av vindpresset. Samtidig vasket sjøen uavbrutt innover skuta.

For en landkrabbe høres dette helt forferdelig ut.

Vi hadde vansker. I fire-tida natt til 2. påskedag fikk vi trøbbel med å holde vannet ute av skuta. Vi måtte gripe til dekkspumpene, og ved å surre noen av mannskapet til byssedørene, klarte vi å tømme det meste.

Plutselig helt stille

Det ble stilt på et blunk i fem-tiden om morgen. Det var akkurat som om lufta revnet. Det ble med en gang god sikt og vi ble da helt

forbauset over at vi ikke kunne se noen av de fire andre skutene som vi hadde drevet sammen med. Det må være da de hadde gått ned.

Hva kunne være grunnen til at de hadde gått ned?

De hadde som sagt mindre maskiner. Dessuten fortalte mannskapet på «Aslak» da de lå ved siden av oss, at de hadde svært stor kullforsyning. Vi så at skuta var svært tung. Alt dette kullet hadde de for å gå til Danskestredet hvis det skulle bli dårlig fangst i Vestisen.

Gikk «Polheim» heimover med det samme?

Vi startet med det samme vinden ga seg, men dette tok vi egentlig som et alvorlig varsle, hvor rart det enn høres. Vi ventet at vinden kanskje skulle komme igjen fra en annen kant. Det er nokså vanlig. Ville vindretningen bli slik at han satte oss inn på isen, ville det blitt ei farlig affære.

Etter at vi startet gikk vi i åtte timer i siksakk for å se etter de andre skutene, men vi fant ingen ting.

Vi kom til Ålesund som den første skuta fra feltet ca. 20. april. Dagen etter oss kom «Hisø».


På leiting med «Flemsøy»

Hadde du fått nok av fangstlivet?

Nei, jeg var ikke heime mer enn tre uker før det var på igjen, også denne turen med «Polheim». Vi startet 12. mai og var tilbake ca. 20. juli. 18. august gikk vi så ut med «Flemsøy» for å lete etter de skutene som var savnet. Vi fant som kjent bare en fangstbåt, eller rettere sagt fikk vi beskjed om at en fangstbåt var funnet ved Langanes på Island. Den skal ha tilhørt «Lunheim». Tidligere var det funnet en båt som hadde tilhørt «Aslak».

Var det ikke litt hardt å ta tre strake turer på ishavet?

Turen med «Flemsøy» var ikke hard. Dessuten var det ikke bare jeg som hadde vært i Vestisen tidligere på året. Ragnar Solli hadde også vært med der. Jeg var ungkar på den tiden og hadde ingen andre å tenke på.



Ishavsskuta «Hisø». Foto fra Kåre Lid

«Flemsøy» hadde vært på verksted den våren?

Ja, men ikke for reparasjoner. Den kom som nybygg, så dette ble første turen. Om selve turen er det ikke så mye å fortelle. Her er det meste sagt før uten for mange feilskjær. Staten og rederiene gikk sammen om denne leiteekspedisjonen.

Var det bra betalt?

Ja, jeg skal ikke klage. Vi visste hva vi fikk på den turen. Men på påsketuren ble det ikke fem øre på oss av mannskapet som hadde valgt lott framfor hyre. Det tok vi imidlertid igjen på turen til Stredet. Da hadde vi full last.

Etter «Flemsøy»-turen var det slutt på Ishavet for min del. Var med på silda før jeg måtte inn i marinens Etterpå har jeg holdt meg på landjorda, slutter den spreke 79-åringen, som på denne måten håper at en del av de misforståelser i forbindelse med ulykkene i 1917 nå er ryddet vekk.

På ishavet som femtenåring på 50-talet

Av Knut Arne Romestrand

Knut Arne Romestrand (f. 1940) er frå Vartdal, men har vore busett med familien i Tresfjord i mange år. Han har hatt eit mangesidig yrkesliv på sjø og land. Han dreiv også rekneskapskontor og er medarbeidar i Bygdebladet. Han har fortalt om livet på Ishavet bl.a. i fleire pensjonistforeninger. Dette er ein artikkel som gir godt innblikk i kor livet kunne arte seg før ein gut i konfirmasjonsalderen på 1950-talet.

Når ein blir eldre, eller gammal som folk sa før er ein full av historier eller opplevingar som ein har med seg. Eg skal fortelje ei av historiene som eg har med meg. Ho er ikkje mykje merkeleg, men ho er frå ei anna tid, frå eit årtusen som er borte. Som vi her er framleis levande bevis på, levde det folk i det årtusenet og, ein av dei var eg.

Bygda eg vart fødd i og vaks opp i var ei lita bygd med om lag 300 menneske. Dei var bønder og fiskarar og andre sjøfolk, der var handverkarar og gardkjerringar, kårfolk, drenger og tenestejenter.

Dei glamlaste folka hadde alderstrygd. Mange ungdommar flytte frå bygda til andre bygder eller til byen. Her var ikkje arbeid til alle. Nokre få vart lærarar, ein eller to vart jamvel ingeniørar. Nokre vart fiskeskipperar nokre jamvel kapteinar. Nokre var krigsseglarar, men ingen syntest synd på dei.

Læraren i bygda var på lønnstoppen, det stod i den grå liknings-protokollen som kvar haust vart utlagd for ålmenta på disken i Samyrkjelaget. Der var ofte harde diskusjonar på benken i butikken over den protokollen.

Men der var nokre storfiskarar, skipperar og basar og selfangrarar som ikkje låg langt etter læraren.

Og heltane våre var ikkje fjernsynskjendisane, for fjernsynet fanst ikkje. Heltane var storbasane og storskiperane på sjø og i is. Så dei aller fleste gutar måtte prøve sjøen eller ishavet eller



Møte i Ørskog Pensjonistforening der Knut Arne Romestrand (t.v.) tok tilhøyrarane med til ishavet. Her er han i kaffiprat med maskinist Leif Fagerlid. Foto frå Bygdebladet

utanriksfart før dei heldt fram med det, eller fann seg anna arbeid heime eller andre stader i landet. Dei var mannskap på sildefiske, ishavet, lineturar på Grønland eller Bjørnøya, dei dreiv trålfiske i Barentshavet eller Eggafiske, linefiske ved Shetland og Færøyane, Islandssildfisket.

Ein av dei første dagane i mars 1956 leikte eg meg i lag med ein kamerat nede i fjøra. Eg var 15 år han var 16 år.

Vi hadde begge vore på fiske, eg på storsildfiske som messegut, han jamvel på Grønland. Vi visste kva det var å jobbe steinhardt. Vi var lik mange av andre femtenåringar på Vartdalstranda som gjekk om bord i havfiskebåtane strakst dei var konfirmerte.

Likevel, vi var barn når vi leika oss nede i fjøra denne dagen. Så kom mor nedpå reina og ropa at no måtte eg kome heim, det var nonstid, og så var det far som ville meg eitkvart.

Og det han ville meg var at han hadde fått telefon frå han Bø-Johan som var syskjenbarnet hans og stuert (vi sa aldri kokk) på ishavsskuta «Fangstmand» som skulle gå i Vesterisen. Han var opprådd for messegut, og ville vite om eg kunne ta jobben.

Eg kjende utferdstrangen bobla med ein gong, dessutan hadde eg alt erfaring som mess frå storsildfisket. Det var ikkje snakk om å seie nei,



«Fangstmand». Foto: Yksnøy

dessutan var lønna heile 320 kroner i månaden, mot berre 280 kroner som eg hadde hatt om vinteren. Sjømanssekk hadde eg, bøtt rettnok fordi eg hadde drege han etter vegen og slite hol då eg måtte gå frå verftet opp til bussen då eg reiste heim etter at storsildfisket var slutt, eg hadde ikkje hatt krefter til å bere den store sekken.

To dagar etter reiste vi til Ålesund.

Ved Brunholmen låg ishavsskuter side ved side, og provianterte og gjorde klart til ishavsturen. Stolte namn som «Isflora», «Aarvak», «Polhavet», «Grande», «Hvalrossen», «Kvitungen».

Han Bø-Johan var i byssa og tok vel i mot oss. Han fylgte oss ned på lugaren, som eg syntest var både stor og fin, langt større enn den stekkjen som eg hadde hatt på storsilda. Det var ein tomannslugar der også stuerten låg. Bak køya mi, om lag i hovudhøgde var ei luke i skotet. Det var luka til proviantrommet.

Ho var knapt ein meter i firkant. Denne kraup vi igjennom når vi skulle hente proviant, I proviantrommet var og potetbingen. Provianten vart teken ned gjennom ei luke i dekket. Men denne luka vart skalka før vi gjekk til havs, og vart aldri opna det eg veit under heile turen.

Så all proviant måtte hentast gjennom denne tronge luka. Det einaste vi hadde på dekk var mjølbingen. Det var ei kasse oppe på galgedekk

og den inneheldt sekker med mjøl til baking og anna matlagning. Det var ikkje alltid like lett å hente mjøl der oppe.

Eg var som «guten som gjekk til nordavinden for å krevje att mjølet» som det står om i eventyret. Med andre ord, det hende mjølskya stod høgt når det bles og eg skulle hente mjøl til brød eller grautmjøl.

Ein gong kom skipperen ned frå tønna og sa at han såg ein lokal snøstorm på galgedekk og midt inni ein liten svart prikk. Frå tønna såg ein alt. Så hadde vi med oss eit digert ferskt okselår som hang luftig under galgedekk. Der henta vi søndagsmiddagen til der ikkje var meir. Så var der ei tønne med salta kjøt frå Argentina, raudt av nitrit og ei tønne med salta flesk. Desse tønnene stod surra ved rekka på galgedekk.

Skuta var gamal, bygd i 1912. Ho hadde gammaldags fasong med klipperbaug og utoverhengande hekk, og var kraftig oppsigld. Ein kul på midten. Dei andre skuten var nesten alle ombygde og fasongen endra. Men skuta var sterkt, ho var god til å bauge i tung is på grunn av klipperbaugen og hadde etter måten ei stor maskin.

Man ho hadde donkeykjel og gammaldags stimvinsj som kunne fryse i isen. Der var ikkje mannskapsmesse, mannskapet åt i lugaren sin eller på dekk når det var ver til det. Det var dei som budde «framom masten».

Men vi som budde «attanom masten» «var offiserar inkludert meg. Vi hadde ei knøttlita messe attanfor byssa. Der dekte eg på bordet, serverte og der åt vi offiserane.

Og offiserane var skipperen, dei to skyttarane, maskinisten, maskinassistenten og smørjaren, stuerten og altså messen. Attanfor den att var maskinrista med nedgang til maskinen, og eit lite rom med ein vask, og eit lite toalettrom. Kvelden før vi skulle gå til havs låg skuta ved kai i Brandal, der ho var i frå.

Alt folket var heime, eg var åleine att om bord. Det var den 13. mars 1956. Kveldane var byrja å bli lysare.

Eg hadde ein plan; det var å gå opp i tønna svimlande 20 meter over dekk. Når her var



Tønna på «Fangstmand» var høgt over dekk.
Foto frå Trygve Holm

folketomt slapp eg at nokon erta meg, dersom eg ikkje klarte å nå målet men måtte snu nedatt. Dei første ti femten metera gjekk greitt. Men dei siste seks sju metera måtte klatrast etter ein smal loddrett leider, som hang laust og bevega seg når eg gjekk, ein såkalla lausleider.

Til dels hadde ein ryggen mot dekk. Og å kome seg over tønnekanten var heller ikkje enkelt. Eg kjende det isa i meg, men eg kom meg over kanten. Så stod eg der i tønna, såg det smale skutedekket 20 meter under meg. Og eg såg utover fjorden som eg hadde vakse opp attmed og som eg kjende godt. Han låg der grå og stor i marskvelden med måsflokkane sine, som låg og duva og venta på at noko skulle skulle skje. Langt der inne på andre sida timja eg husa heime, dei var mest kvorvne bort inne i kveldsdimma. Det var ei mil over dit.

Dei første sikre kjeldene om moskusfe på Grønland fekk ein i 1853 då Kane fann fleire skjelett av moskus på Nordvest-Grønland, og fekk fleire stadfestingar frå Eskimoar i området som hadde sett levande moskus der nokre år i førevegen.

I 1869 då den andre tyske Nordpolsekspedisjonen med «Germania» og «Hansa» starta for å nå Nordpolen langs kysten av Aust-Grønland, såg dei moskus.

Dei skaut ein enorm okse på Shannonøya den 16. august 1869, truleg som dei første europearane som skaut moskus på Grønland. Året etter var dei nok også dei første europearar som fanga levande moskus på Grønland, men utan å ta den attende til Europa.

Første nordmenn på moskusjakt

Selfangaren «Hekla» med skipper Ragnvald Knudsen var den første som dreiv moskusjakt på Aust-Grønland. Dette var sommaren 1889 då dei sigla langs kysten frå Kapp Hold with Hope til nord for Shannonøya.

I tillegg til ein god fangst med 9 isbjørn, 267 kvalross, 220 kg kvalrosstanner og fleire tusen sel, leverte dei i Hammerfest 24 moskusslakt.

Fangstfolk på galeas «Søstrene» og jakt «Spitsbergen» av Tromsø skaut 79 og 69 moskus på Aust-Grønland sommaren 1899, og som før nemnt hadde «Søstrene» med dei to første levande moskus heim til Tromsø.

I 1900 vart til saman 13 moskuskalvar fanga og tatt med til Skandinavia. I tillegg til dei fem som «Havfruen» og «Minna» hadde med kom, «Christianne» frå Hammerfest med skipper Fredrik Olsen inn med en levande moskus, «Sina» med skipper Jacob Johansen, også frå Hammerfest, hadde en levande og «Cecilie Malene» frå Tromsø med skipper Ole Næsø hadde fire levande kalvar.

I tillegg til dette hadde den danske «Antarctic»-ekspedisjonen fanga en moskus til Zoologisk Have i København, («Bus» som dauda i 1906), og ein svensk zoologisk ekspedisjon med «Fritjof» hadde med to moskus som vert slept ut i ei innhegning ved Boden i Norrbotten.

Den eine av dei dauda etter kort tid grunna blodforgifting etter skade under transport. Moskusen som «Christianne» hadde med vart seld til zoologisk hage i Berlin, der den dauda 20. april 1906.


To Tromsø-skuter hadde 90 døde moskus, og tre Hammerfest-skuter hadde til saman 87 daude moskus, mens «Minna» og «Havfruen» hadde til saman 50.

Desse to skutene er ikkje nemnde fleire gongar i statistikkane over innført levande moskus. Peter S. Brandal som slutta å segle på ishavet i 1911, (han gjekk då i land for å drifta selskapet

sine) fortel i intervju med Sunnmørsposten i 1930 at han sjølv hadde skote 150 moskus og 152 isbjørn på dei 13 åra han dreiv ishavet.

I åra 1901, 1902 og 1903 har «Anna» av Hammerfest kvart år med en levande moskus. I 1903 er også «Laura» av Kristiania med skipper Jens J. Øien oppført med en moskus.

Så kjem eit opphold til 1907 då «Laura» er tilbake og har teke en levande moskus, og har følgje med «Vesterisen» frå Ålesund, skipper Peder Trandal, som og har en levande moskus. «Vesterisen» har en også i 1908 då også Paul Lillenes har en med skuta «Sjøblomsten.



Ishavsskuta «Vesterisen».

«Vesterisen» fanga då den første og einaste fullvaksne moskusoksen som er teken levande heim. Denne vart seld til zoologisk Have i København.

I 1910 er «Laura» oppført med fire moskus. Så vert det eit opphold til 1919 då Jens J. Øien har gått frå å vere skipper på «Laura» til å føre «Polarbjørn» av Narvik, og har fanga fire levande moskus.

Fire moskus har også «Johanna Schelderup», Bodø, dette året, ført av Johs. Antonsen, og «Sælbarden», Tjørvåg, med skipper Paul Lillenes har to kalvar.

Frå 1922 aukar levandefangsten av moskus. Dette året har «Kap Flora» med skipper Peder Andresen seks kalvar og «Sælbarden» med



Moskus på dekket til «Kap Flora». Foto Martin Pedersen fra Helga Pedersen.

skipper Paul Lillenes har sju.

Dei to skutene dreiv samfangst på levande moskus og isbjørn etter at klappmyssfangsten i Stretet var over.

Ein 1-åring og åtte av desse kalvane vart selde til USA. Zoologiske hagar i Philadelphia og Washington overtok to kvar, og fem gjekk til New York.

Det gjorde også to nesten to år gamle moskus fra Schjelderup i 1921, og fire eittåringar fra Tjørvåg i 1929.

Felles for dei aller fleste av desse innfanga kalvane som var tekne i fangenskap er at dei dauda rimeleg kjapt. Mange dauda før dei var selde, og mange strauk med etter få dagar eller veker etter å ha kome til dei ulike zoologiske parkane.

I 1924 vert det sett ein førebels rekord i levande fangst av moskus. «Orlando II» av Tromsø med skipper Oskar Grødahl har med heim ni kalvar. «Quest» med skipper Ludolf Schjelderup, Skånland ved Bodø, har med 11, «Sælbarden» no med skipper Ingebrigrt Follestad hadde 11, og «Fangstmand» fra Brandal med skipper Håkon J. Brandal har med 12 moskuskalvar.

«Quest»-kalvane vart satt ut på Skånlandsholmen sør for Bodø, men dei fekk problem med å selje dei. Berre to av desse vart selde og hamna i ein zoologisk hage i Halifax.

Dei 12 kalvane fra «Sælbarden» var fanga på



Mannskap frå «Kap Flora» på Nordaust-Grønland på moskusjakt. Foto Martin Pedersen fra Helga Pedersen.

sørsida av Claveringsfjorden, på Hudson Land. Ei av utfordringane med utførel av moskus var naturlegvis å ha mat til dei under overfart heim. Karane på «Sælbarden» meir eller mindre kraup over store områder på Hudson Land med kvar sin kniv og skar gras. Grastustane på Grønland står ikkje tett, og lite var der, men til slutt lukkast dei med å fylle 16 sekkar med gras.

Ein av karane klaga sin nød etter heimkomsten; han trudde han skulle vere med på eit flott eventyr når dei skulle inn til Nordaust-Grønland, «i staden vart eg liggande på alle fire i fleire dagar å rive gras som ei anna geit!».

Ein av kalvane var spesielt liten og ville ikkje ha gras. Sjølv om dei freista å gje han boksemjølk så dauda den brått like utanfor kysten av Møre. I tillegg til desse 12 moskuskalvane hadde «Sælbarden» også fem levande isbjørnunger på dekk. Det var nok ei livleg overfart med 17 levande dyr på dekket.

Verdas første utsetting av moskus

Hausten 1924 vart dei 11 kalvane som var att frå «Sælbarden» sett ut på Kikholmen ved Kjeldsund i Herøy i påvente av sal. Holmen låg like ved leia, og er om lag 400x150 meter.

På holmen stod att eit naust og ei gammal løde etter folk som hadde budd der fram til 1880. Det vaks framleis mykje gras på holmen.

Vinteren 1924-25 dauda fem kalvar på holmen. Det vart også her sagt at moskusen ikkje tolte

det feite graset.

Det gjekk därleg med salet av desse moskusane. I juni 1925 vart dei seks moskusane som no var igjen, tre av quart kjønn, flytta til Gurskøy og slept på fjellet der. Dette var gjort for å få dei lengre unna der det budde folk, og var dyrka mark.



Innfanging av moskus i Myggbukta. Karlsbakk, Røbek, Furnes og Andresen.

Dette kan ein då rekne for ei utsetting av moskus, og ser ein vekk frå dei få som var sette inngjerd i andre stadar i påvente av sal, var nok dette verdas første utsetting av moskusfe. På fjellviddene var det bra med mat. Men likevel kom to av dei ned frå fjellet å beita ei heil natt på ei eng med feitt gras i Dragsund.

Dei to dauda like etter. Også kalvane som «Sælbarden» hadde med året etter, tre moskuskalvar, vart sette ut først på Kikholmen, før dei i juni 1926 vart flytta til Gurskøy.

Dei heldt seg mykje i Sædalens, og det har seinare blitt fortalt at pinseafstan 1927 vart to kyr observert med kvar sin kalv.

Den 28. august 1929 skriv Aalesunds Avis i ein artikkel at ingen har sett igjen moskusen, og det er grunn til å tru at dei ikkje lenger er i live. Andre munnlege kjelder har fortalt at moskusen på Gurskøy ikkje forsvann før under andre verdskrig. Det siste er nok mindre truleg.

Dei bitre erfaringane med at så mange dauda så raskt gjorde at mange kjøparar vegra seg for å kjøpe dei forholdsvis dyre moskuskalvane.

Når så skutene hadde med heile 43 moskuskalvar dette året, vart også tilbodet større

enn etterspørsele.

Dessutan hadde den danske zoologen Adolf Jensen lukkast med å få mange zoologiske hagar til å seie nei til kjøp av moskuskalvar.

På Brandal stallfora Peter S. Brandal 12-14 moskuskalvar eit heilt år, før dei vart selde til ulike utanlandske dyreparkar. Dette i følgje ein publikasjon frå 1930. Dette må vere dyra som «Fangstmand» hadde med heim i 1924.

I 1925 kom «Sælbarden» med skipper Follestad heim med tre kalvar, og «Malula» av Haugesund med skipper Bertel Chr. Landmark hadde med en.



«Sælbarden»

I 1926 er «Heimland I» av Tromsø med skipper L. Jakobsen den einaste som er innmeldt med to moskus.

I 1927 har Brandal-skutene «Lysningen», skipper Sigvald S. Brandal, «Aarvak», skipper Johan S. Brandal og «Polarhavet» med skipper Peder E. P. Brandal samfangst og har med heim to levande moskus.

I følgje brevet frå Karlsen til Norsk Polarinstitutt ved John Giæver vart desse to kalvane plasserte opp i dalen i Brandal like ved ei Sæterstøl. Det vart satt opp ei større innhegning, og bygd ei jordhytte til moskuskalvane.

Dette var i august månaden og det såg lenge ut til at dyra trivdas. Dessverre daudar den eine ut på vinteren og det vart nok einsamt for den som var igjen.

Det var mykje snø den vinteren, skriv Karlsen, og den andre kalven kom ned til bygda og fann vegen til eit saudefjøs og helsa på sauene der.

Karlsen skriv vidare at moskuskalven var ganske tam og han trur absolutt det skulle late seg gjere å temje desse dyra.

Han fortel også at denne kalven vart sold då dei ikkje ville ha ein einsleg gåande igjen på Brandalsfjella.

Ei anna kjelde skriv at denne kalven vart sold til Italia der den kom fram til ein zoologisk hage i Roma den 7. desember, og levde der til 15. juli 1928.



Moskus i Myggbukta 1933. Foto frå Walter Molt

I 1928 var «Terningen» av Tromsø aleine som kom med moskus, to stykkar, mens det i 1929 var tre skuter innom å fanga levande moskus. «Kap Flora» med skipper Peder Endresen, «Sælbarden» med skipper Paul Lillenes og «Veslekari» med skipper Hans Rekdal hadde til saman 28 levande kalvar med heim. 26 av kalvane overlevde overfarten, og vart satt ut på Lilleneset i Tjørvåg i påvente av sal.

Zoologiske hagar i Helsingfors, Edinburgh, Washington, og Philadelphia kjøpte to kvar, og fire gjekk til New York. Adolf Hoel som då var leiar i Norges Svalbard- og Ishavssundersøkelser (i dag Norsk Polarinstitutt) kjøpte dei resterande 18 moskuskalvane som vart ført med «Veslekari» og satt ut i Adventfjorden på Svalbard.

Det var både politiske og økonomiske grunnar til dette, men ein rekna også med at moskus kunne bli eit nytt jaktbart vilt på Svalbard. Moskus frå denne stamma kunne ein sjå på Svalbard heilt til slutten av 1970-åra.

I 1930 har «Veslekari» med åtte moskus, «Gugnir» med skipper O.M. Tokle har 16. «Enos», skipper Ole Rødseth, og «Sælbarden»,



«Gungnir». Foto frå Steinar Johannessen.

skipper Osvald Lillenes har samfangst og til saman 35 moskus.

Dette året var moskusen fanga på bestilling til USA. 34 moskus vart frakta frå Tjørvåg til Bergen med «Enos».

Den 6. september forlét «Bergensfjord» Bergen med dyra i kvar si kasse med kurs for New York. Etter 33 dagars karantene vart dei sende med tog tvers over USA til Seattle, så med båt til Seward i Alaska, og igjen ei togtreise til forskingsbasa i College der dei kom fram 4. november.

Hensikta til Amerikanarane var å ta vare på ei art som dei meinte var trua for utsletting, samt å freiste for domestisera av moskusfe.

I 1936 vart 24 av desse som hadde overlevt og deira sju etterkomrarar, satt ut på Nunivakøya i Beringhavet.

I 1968 var talet på denne stamma kome opp i 750 dyr, og har vidare gitt opphav til nye villevande stammer i Alaska og Sibir.

I 1931 har ishavsskuta «Pil» frå Hjørungavåg med skipper B. H. Olsvik fanga 10, «Polarbjørn» med skipper Kristoffer Marø har to og «Veslemari» skipper Peder Andresen har 14 moskuskalvar.

Dei 14 dyra frå «Veslemari» vart plasserte i sjøbua til Petter Smådal på Leinøy i påvente av sal. «Polarbjørn» dyra vart plasserte i eit trekkfullt pakhus på Brandal.

Salet gjekk trekt, og fire av desse moskusane frå 1931 («Polarbjørn» og «Veslemari») vart føra heilt til byrjinga av oktober 1932 då dei vart sende med «Glimt» til Åndalsnes for vidaretransport til Dovrefjell der dei vart satt ut i naturen.

Bakgrunnen for at ein freista sette ut moskus på Dovre var delvis at under arbeid med Dovrebana hadde arbeidarar funne mykje beinrestar etter moskus frå før siste istid, og ein kvann fekk då ideen om å sette dyret tilbake i området her.

Det hadde også på dette tidspunkt blitt svært vanskeleg å selje moskus til utlandet. Dei zoologiske hagane hadde fått därleg erfaring i og med at svært mange dauda relativt fort, og prisane hadde vore høge.

Då «Pil» gjekk direkte til Kapp Herchel i 1931 utan å drive klappmyssfangst først, var det for å freista lukka på laksefiske.

Dette var ein privat finansiert forsøkstur under namnet Østgrønlanske Fiskekompani A/L. Bak selskapet sto fiskehandlar Karl Røbekk og skipperane B.H Olsvik og Berntsen. Laks fekk dei ikkje, og dei fanga då levande moskus for å prøve å berge litt av turen.

Også «Pil»-karane fekk vanskar med å få omsetjing på moskuskalvane, og dei vart ståande på eigedomen til Røbekk på Åsestranda ved Ålesund vinteren over.

I januar var det sju moskus igjen som dei då bydde fram til Landbruksdepartementet. Etter mykje diskusjon vart desse også etter kvart frakta til Dovrefjell ut på våren i 1932.

«Isbjørn» er einaste skuta som har rapportert inn moskus i 1932 med seks fanga moskus. Skipper var Albert Bergesen. fire av desse kalvane enda i Swope Park i Kansas City, USA.

Etter dette vert det eit opphold på fem år før «Polarbjørn» stort sett er åleine om å fange levande moskus i åra som kjem, men med opphold under andre verdskrig.

Opphold var det forresten også under første verdskrig.



Moskuskalvar om bord i «Polarbjørn»

Odd Volland skriv i «Ishavsfart» at på grunn av gode tider og gode fangstår i Vestisen var det i ei periode slutt på denne kompliteringsfangsten på Grønland, men då krigen var slutt, fekk den igjen verdi.

«Polarbjørn» har både i 1938 og 1939 fanga to moskus. Desse var fanga for å sette ut på Dovrefjell.

Moskusen trivdas og formerte seg på Dovrefjell. Men då andre verdskrig var over, var stammen borte. Det vart hevda at tyskarane som då hadde tilhald i nærlieken i krigsåra hadde utrydda stammen.

Seinare undersøkingar avviste dette. Rett nok skaut dei to moskus, men det var nok nordmenn som tok ut mesteparten, og eit stort snøskred tok livet av fem.

I 1947 har «Polarbjørn» åtte moskus og i 1948 er det fanga 10. Skipper desse fire åra er Kristoffer Marø. 10 av desse var fanga for å sette ut på Dovrefjell, åtte i -47 og to i -48.

Det var selskapet Arktisk Næringsdrift AS som då stod bak denne utsettinga, med støtte frå staten. Arbeidet med utsetting av moskus i åra 1947-49 og 1952-53 vart leia av John Giæver.

Åtte av moskusane «Polarbjørn» hadde med i 1948 vart sette ut ved Bardufoss. Også her var det Arktisk Næringsdrift som stod bak utsettinga.

I førstninga var det meininga at alle kalvane frå 1948 skulle til Dovre, men det var sterke ønsker

frå nord om å også etablere ei moskusstamme der med tanke på kjøtproduksjon. Dyra heldt seg for det meste i fjella rundt Hjerttind i Troms. Nokre av desse skal også ha vandra inn i Nord-Sverige.

Ein finn ikkje sikre kjelder på kor lenge denne stammen levde, men det er grunn til å tru at dei siste levde til byrjinga av 1960-talet.



«Polarbjørn». Foto frå Bjørn Berland

I 1949 er «Quest» åleine på moskusfangst med fire moskus, før «Polarbjørn» (nr. 2) er åleine gjennom første halvdel av 1950-talet.

I denne perioden fanga dei til saman 15 moskuskalvar med skipper Henrik Marø. Desse moskuskalvane vart også sett ut på Dovrefjell. Det er stamma av desse som var fanga i periodane 1947 til 1953 som framleis lever på Dovrefjell i dag.

Sommaren 1971 vandra ein liten flokk på fem dyr ut av Dovrefjell og slo seg ned i Härjedalen i Sverige.

Så vert det eit langt opphold heilt til 1969 då «Harmoni» og skipper John Jakobsen har fanga 25 levande moskus som siste skute på levandefangst.

Desse kalvane skulle til Bardu og var tenkt til moskusfarming. Grunna sjukdom vart forsøket gjeve opp.

Av dei om lag 300 levande moskusane som vart ført ut frå Nordaust-Grønland vart 155 selde til dyreparkar og zoologiske hagar. (Nokre av desse dauda i Noreg før eksport).

70 moskus skulle brukast i domestiseringsforsøk (fire til Sverige i 1900, sju til Island i 1930, 34 til Alaska i 1930, 25 til Bardu i 1969),

75 vart innført for å verte satt ut i norsk natur, eller resultatet etter overføring vart at dei blei sette ut (ni til Gurskøy i 1925-26, 17 til Svalbard i 1929, 39 til Dovrefjell i 1932, 1938 og 1949-53 og åtte til Bardu i 1948).

I tillegg veit vi at utlendingar har ført ut minst 50 levande moskus frå Grønland: Sverige to i 1900, Island sju i 1929, Danmark 37 i periodane 1900-1964, og dei fire kalvane til USA i 1939. Då «Anni I» forsvann på heimtur frå Nordaust-Grønland med overvintrarar om bord i 1923, var det også sju levande moskuskalvar om bord. Overslag syner også at om lag 50 innfanga moskus daudar på overfarten til Noreg.

I 1964 vart det også fanga 27 levande moskus i Nordaust-Grønland som vart overførde til Søndre Strømsfjord på Vest-Grønland. Denne stamma er i dag på fleire tusen dyr.

Høg betaling gjorde moskusfangsten attraktiv

Den store interessa for fangst av levande moskus var naturlegvis dei gode prisane dei kunne få frå zoologiske hagar, og ikkje minst frå utanlandske rikmenn med private dyrehagar.

I 1900 betalte ein kjøpar i Sverige 9.200,- kroner for fire kalvar han kjøpte i Tromsø. Zoologisk Have i København betalte 3.000,- kroner for en kukalv kjøpt i Tromsø i 1903.

New York Zoologiske park betalte 2.200,- dollar for to to-åringar frå Skåland i 1921 og 4.400,- dollar for fem moskus frå Sunnmøre i 1922. Dei 10 dyra som vart fanga for utsetting på Svalbard i 1929 vart betalt med 12.000,- kroner.

Peter S. Brandal gjev opp i 1900 at han fekk betalt 15,- kroner pr. tonne med selspekk, (987,- kr. i 2016 verdi), og 25-27 øre pr. kilo selskinn. Ikkje rart då at det freista med fangst av levande moskus i dei påfølgjande åra når ein kunne få 3.000,- for ein moskus. (197.454,- kroner i 2016 verdi).

I tillegg til levandefangsten var det elles skote mykje moskus. For å fange kalvane var det gjerne vanleg å skyte dei vaksne dyra i flokken. Fleire kjelder reknar tre-fire skotne vaksne dyr pr. innfanga kalv.

Desse skotne dyra gjekk i kjøtforsyninga i provianten på skutene, eller vart salta i tønner og teke heim av mannskap, i tillegg skaut dei gjerne enda meir moskus for kjøt og skinn og hadde med heim.

Ei oversikt i 1945 bereknar denne fangsten til å vere like over 3000 moskus.

Størst moskusjakt for overvintrarar

Skutene som var innom Nordaust-Grønland for kompliteringsfangst jakta ein del moskus. Men det var fangstfolk som overvintra som stod for hovudmengda av moskusjakta. Dei hadde stor trøng om ferskkjøt, og ikkje minst mat til bikkjene.

Ulike kjelder har freista å kome med ei oppsummering på denne fangsten fram til og med 1939.

Ejnær Mikkelsen har henta tal fra vaktmannskapa på Aust-Grønland og gir opp 1130 skotne moskus for sesongen 1938-1939, og 3110 dyr for periode 1936-39. Mikkelsen, Giæver (1939) og Lønø (1964) har alle kome fram til eit tal på mellom 10-13000 moskus skotne av overvintrarar fram til hausten 1939.

Frå rundt 1930 og utover var det fleire som gjorde framstøyt på å få freda moskusen på Nordaust-Grønland, heilt eller delvis. Overvintrarane sjølve protesterte og hevda det var rikeleg med moskus og freding ikkje var naudsint.

Dessutan tok ikkje desse overvintrarane ut meir moskus enn det dei hadde trøng om til mat til seg sjølve og bikkjene. Enkelte ishavsskipperar meinte også at det alt låg nok begrensningar for deira del då det ikkje var lov å salte eller fryse moskuskjøt for sal.

Mens Canada totalfreda moskus alt i 1917 gjekk det heilt fram til 1950 før danskane gjorde vedtak om begrensa jakt på moskus på Aust-Grønland. Som kjent vart heile Nordaust-Grønland sett av til nasjonalpark i 1974 som då også innebar ei totalfreding av moskus.

Medan stammen har hatt god vekst i Alaska, Vest-Grønland og Taimyr har stammen på Dovrefjell vakse mindre. Årsaka til dette er fleire, men mange er tekne av snøras, påkøyrt av tog, drepne av lynneds slag og andre har vandra

ut og omgåande avliva.

Hausten 2006 viste teljinga på Dovrefjell 200 moskus og 60 kalvar. Talet på moskus på Dovrefjell har dei siste 10 åra vore nokså stabilt med 250 moskus etter at stamma vaks ein heil del utetter 1990-talet. Dei seinare åra har det vore fødd om lag 50 kalvar årleg på Dovrefjell. Moskusen frå Grønland var tilpassa eit miljø utan sjukdom og parasittar. Dyra på Dovre har difor vore lite motstandsdyktige mot sjukdom som kan smitte frå husdyr, villrein og hjortevilt. I dei siste åra har det vore fleire utbrot av munnskurv og lungebetennelse. Særleg unge dyr har vore råka.

Moskusen er eigentleg ei fåreart, i slekt med sau og geit, og den fine kjøtkvaliteten er mørk men marmorert med ein mild og svak viltsmak. Den kan minne om ein mellomting av okse og får. På Ishavsmuseet har vi vore så heldige at vi har kunna servert steik av moskus nokre gongar til ein fullsett kafé.

Kjelder:

Ishavsmuseet sitt arkiv, ulike dokument og korrespondanse.

Ivar Ytreland, «Polarminner».

Hermann Bakke «Moskusjakt på Aust-Grønland» Isflaket nr. 3-2002.

Sigmund Bøe, Seilas med Polarstar, «På gyngende grunn», Ishavsmuseet 1990.

John Giæver, Den norske fangstvirksomhet på Østgrønland, 1939.

Adolf Hoel, Moskuser til Svalbard, 1929.

Gunnar Isachsen, Norske fangstmænds færder til Grønland, 1919-1921.

Isachsen & Isachsen, Norske fangstmenns og fiskeres færder til Grønland 1922-1931.

Odd Lønø i Polarboken 1963-64.

Odd Volland, «Ishavsfart» 1951.

Norsk Fiskeritidende 1901, 1909, 1925

Sunnmørsposten 1908, 1930, 1947

Søndmøre Folketidende 1900

Sunnmøre Arbeideravis 1977

Aalesunds Avis 1929

Northern Exploration Company.

Ugrundede beskyldninger i et engelsk blad mot andre selskaper for at ha bemægtiget sig dets forekomster.

Og merkelige oplysninger om utgifterne ved kuldriften paa Spitsbergen.

Advokat Trygve Klausen uttaler sig til «Morgenbladet».

Der kommer fra tid til anden i visse engelske blade høist merkelige oplysninger om Spitsbergen, oplysninger der alle synes at kunne føres tilbake til en ganske bestemt kilde, og som i almindelighet er egnet til at virke ganske vildledende.

I en artikel om kulskinningen fra Spitsbergen skriver Londonbladet «The Financier» bl.a at der iaar er skibet for i alt 2.500.000 pund sterling.

Produktionsomkostningerne vil ifølge bladet indskrænke sig til 10 sh. Pr. ton.

Med henblik paa dette finder bladet det av interesse at oplyse om at der, indbefattet en del store kullag, som nylig skal være opdaget paa østkysten. Paa Northern Exploration Company's eiendomme, findes 4 a 5 milliarder tons kul paa Spitsbergen, strækningerne fra Kings Bay i nordvest og sydøstover til Davis Harbour, heter det videre, ligger indenfor Northern Exploration Company's vidstrakte territorier.

Iaar skal der være fundet en betydelig kulforekomst ved Davis Harbour. Men skjønt dette fund nok kan være av vigtighet, er det bare en av de mange paaviste forekomster, som eies av Northern Exploration Company. Selskapet maatte under krigen, fordi kommunikationerne var avskaaret, lide under invasion paa sine territorier av «neutrale» interesser, som søker at



utnytte ikke bare kullene, men ogsaa andre værdifulle mineraler, som findes der. I denne forbindelse bør det bemerkes at de største skibninger fra Spitsbergen iaar, nemlig kul for hele 700.000 pund sterling, kommer fra eiendomme, som det britiske selskap har «claimed» som absolutt tilhørende sig. Det britiske utenriksdepartement har imidlertid nu saken i sin haand og denne «jumping of the claim» fra ikke-britiske interessers side kan faa en sensationel avslutning.

Vi har paa flere hold søkt oplysninger om disse forhold. Da artikelen bl.a kunde antages at hentyde til Kongs Bay kompaniets eiendomme, har vi anmodet høiesteretsadvokat Trygve Klausen, Aalesund, om en uttalelse herom.



Frå Kings Bay 1918. Foto frå Odd Arild Brandal

Advokaten meddeler:

Kings Bay kulkompani eies av ishavsreder Peter S. Brandal, dampskipsreder M. Knutsen og advokat Trygve Klausen, hver for 1/3. Feltet blev i 1916 kjøpt av Chr. Ankers dødsbo. Det blev annektert i 1909 av Chr. Anker, som paa regulær maate indmeldte sin anneksjon, og hvert aar indtil det overtoges av de nye eiere, hadde han ekspeditioner deroppe og drev undersøkelsesarbeider paa feltet. Den nye eiere gik straks i gang med anlægsarbeider, og har drevet saadanne i 1916, 1917, 1918, 1919 og delvis 1920, samtidig som de under anlægsaarerne har drevet ut kul. Anlægget er nu færdig for den planlagte drift.

I 1911 slog en Mr. Mansfield sig ned paa Blomstrands halvø – en halvø som ligger i Kings



Frå Ny-Ålesund. Foto Hjelle.

Bay ret over fjorden, overfor vore felter – og begyndte der at drive en marmorforekomst. Det var paa det territorium, som var annektert av Chr. Anker og der blev fra Ankers side protestert mot englændernes arbeide. Det er dette marmorfelt, som har været drevet av Northern Exploration Company. Det er nu nedlagt.

Den første gang der fra det engelske selskap framkom nogen indsigelse mot den norske annektsjon i Kings Bay var i 1918.

Det vil av foranstaende fremgaa, at det er helt uriktig hvad der her skrives i «The Financier» - ialfald hvad Kings Bay-territoriet angaa, at neutrale, mens krigen stod paa, har trængt sig ind paa «Northern»s territorium. Det engelske selskap paastaar at ha annektert store arealer paa Spitsbergen. Saavidt mig bekjendt har selskapet endnu ikke eksportert noget av værdi fra sine annektsjoner. Der bør jo for øvrig efter almindelige internationale regler være et forhold mellem hvad man annekterer og hvad man nyttigjør.

Advokaten oplyser sluttelig, at Kings Bay kulkompani nu har hus for ca. 350 mand i Kings Bay. Der er endvidere bygget 2 elektricitetsverker, et for byen Ny Aalesund og et for gruben. Der er bygget jernbane og kai, traadlös telegraf m.v. I kompaniets 4 anlægsaar er der ført til Norge kul for en bruttoverdi av 11-12 mill. kroner. Kompaniet staar nu rustet for en større eksport i kommende sæson, hvis det faar arbeidsfræd.

Fra andet interessert hold uttaler man ovenfor os, at artikelen i «The Financier» - likesom meddelelsen forleden om at et skandinavisk konsortium agtet at overta aktiemajoriteten i Northern Exploration Company – vistnok maa sees i forbindelse med den paagaende kampagne for en kapitalutvidelse i det nævnte selskap. Man har ogsaa i England efterhaanden begynt at faa øinene op for arten av selskapets virksomhet, og det gjelder derfor stadig at ha «gode nyheter» at smøre aktionærerne om munden med. Der er saaledes ikke nogensomhelst grund til at ta denne affære alvorligere end nogen av de tidligere.

Northern Exploration Company har som bekjendt ogsaa tidligere gjort krav paa rettigheter som tilhører norske og andre selskaper, uten at det dog har formaadd at bevise sin adkomst til disse. Som man ser av advokat Klausens uttalelse har selskapet uten held søkt at reise indsigelser mot Kings Bay-kompaniets annektsjoner.

Nu synes Northern Exploration Company at ville kræve omtrent alt hvad der findes av værdi paa det vestlige og sydlige Spitsbergen. Ogsaa enkelte av Store Norske Spitsbergen Kulkompanis rettigheter har Northern Exploration før i tiden gjort krav paa uten at der dog har været noget reelt grundlag for saadanne krav. Med hensyn til de russiske felter, saa blev der for et par aar siden ført forhandlinger om salg af disse, forhandlinger som dog ikke har ført til noget resultat. Northern Exploration har aldrig kunnet gjøre noget krav paa de russiske felter gjeldende.

Heller ikke overfor de svenske eiendomme ved Braganza Bay har de engelske foretagende kunnet reise berettigede krav. Alle tvistigheter om «claim»s vil vel for øvrig i sin tid bli undersøkt og avgjort av vedkommende myndigheter. Paa kyndig hold gaar man imidlertid ut fra at driften saagodtsom overalt paa Spitsbergen – muligens med et par mindre væsentlige undtagelser – støtter sig til fuldstændig uangripelige annektsjoner.

Om selve Northern Explroration Companys driftsresultater har vi tidligere bragt fuldstændige oplysninger, og de var ikke meget smigrende for selskapet. At man ogsaa i England er opmerksom paa forholdet fremgaar av artikler bl.a. i «The Mining Gazette» - som til dels har været gjengitt i «Morgenbladet» - og i «Times» (27de juni 1919) hvori det paavises at alle de opskrytte mineralforekomster er meget litet værdifulde.

Northern Exploration Co. har adskillig utrustning og maskiner paa Spitsbergen, og har ogsaa ved Recherche Bay oparbeidet en kulbeholdning paa nogen tusen tons. Men skibningsforholdene skal paa dette omraadet være meget vanskelige.

Det meddeles os videre, at Northern Exploration vistnok agter at opgi de meget omtalte marmorfelter. Ialfald har selkspæt solgt den utrustning det hadde kjøpt for driften av disse felter.

Naar de i «The Financier» oplyses, at produktionsomkostningerne paa Spitsbergen vil dreie sig om 10 sh. pr. ton, er vel det ikkeganske fair overfor Northern Exploration Companys aksjonærer. For alle andre selskaper andrager produktionsomkostningerne saavidt vi har kunnet bringe i erfaring til 40-50 kr. Pr. ton, heller mere end mindre. Man skulde neppe tro, at Northern Exploration gjør det billigere.

Vi har sluttelig henvendt os til det norske utenriksdepartement, som imidlertid erklærer, at det ikke har mottat noget som kan sættes i forbindelse med denne sak og idetheletat ikke har noget som helst kjendskap til den.

Uttalelsen om den «sensationelle avslutning» tør, som man herav vil forstaa, neppe heller tales for høitidelig.

Morgenbladet mandag 8. november 1920

POLARSTAR rapport mars 2017

Kjære Polarstarvenner

Då er det på tide med ein liten rapport igjen. Det er jammen slik no, at dette vert ein av dei siste rapportane i Isflaket for dette prosjektet! Ein rapport til no, så er skuta heime, dersom ikkje noko skjer slik at oss vert forseinka.

Som dykk kanskje har sett i det siste, i alle fall om dykk er inne på heimesidene til Ishavsmuseet Aarvak, så er det sett ein heimkomstdato og ei heimkomsthelg. Det vert helga 25-27 august, så kjære vener rundt om kring, set av denne helga for ein Brandalstur! Trur museet legg opp til stor feiring då, det er jammen ikkje kvar dag det kjem ei «ny» ishavsskute til bygda! Og det skal sjølvsagt markerast!

Forresten vil det på desse internett-sidene bli lagt ut nyheter med jamne mellomrom, og kanskje vert det ei eiga Facebook side snart, som vil handle om Polarstar og ha fokus på dei siste månadar i Polen samt heimkomst

Det er stor aktivitet om bord i skuta no, med fokus på mange områder om bord. I dei siste månader har mykje føregått i fremre del av skuta, medan oss no er i full aktivitet i akterdelen.



Mannskapsmessa på styrbord side under oppbygging.

Sjå føre deg ei lita maurtue der verftsarbeidarar, elektrikarar, røyrleggarar, snikkarar og

elektronikk svirrar om ein annan for å få det aller meste klart.

Du verda kor mange detaljer og ting som må på plass! Dokking er det også no i denne perioden, med mykje som skal sjekkast, reparerast og fiksast under vasslinna. Det er områder i skutesidene, i baugen og akter som skal renoverast og reparerast, og Skipskontrollen er der for å sjå til at alt vert gjort på godkjent og skikkeleg måte.

Spesielt i baugen er der mykje stålarbeid som må gjerast, ting oss ikkje har fått gjort medan skuta ligg ved kai. Det vi har inspisert og funne ut av der framme i baugen spesielt, er at skuta har fått mykje juling, og det vert omfattande å få ordna opp i. Og her hjelpt det ikkje be om lettvinde løysingar! Doblingar og slike «tjuvtriks» bit ikkje på Skipskontrollen, her skal det skikkeleg gjerast! Men det skal nok gå greitt, for skikkeleg gjerast, er då det oss også vil.



Laustankane i fremre lasterom er komne på plass igjen, og får påmontert nødvendig måleutstyr.

I akterdelen på skuta er det verkeleg fullt pådrag med innredningsarbeid. Mannskapsmessa, proviantrommet babord for byssa, og den store hovudmessa, er no under full renovering. Og også i skrivande stund er det ful aktivitet i Captains Cabin eitt dekk opp.

Samstundes som snikkararbeidet går føre seg, fylgjast maling, golvbelegg og elektrikarar åt,

slik at vi får gjort dette mest mogleg effektivt. Riksantikvaren liker at det skal sjå ut så autentisk som mogeleg, sjølv om folk nok hugsar ulike arrangement om bord frå dei ulike periodane dei var om bord.

På seksti- og syttitalet vart der gjort fleire endringar.

Noko av det flottaste eg ser no, er korleis vi har «teke tilbake» dei originale tredørkane, i styrehus, captains cabin og i proviantrommet. Kor flott det vert når dei gamle golva får fjerna lag på lag med maling, lim og anna som har lagt der, og no står fram nyslipt og behandla på beste måte slik det skal gjerast.

Trur både han Sigmund Bø, han Peter og han Martin Karlsen ville ha hugsa korleis det var og korleis dei ville ha det!



Her vert toalett og dusj tilbakeført i Captains cabin.

Vert litt kry når eg ser dette. Dessverre har vi ikkje makta fikse dørkane i hovudmessa, og i mannskapsmessa. Der har det vore nytta så mykje ulikt tremateriale at det vart nyttelaust å få til.

Her kjem det raudbrunt linoleum, så likt som mogeleg det vi har sett på gamle bilde. Planen er no at det meste av snikkararbeidet er ferdig innan utgangen av april, inkludert korridorar, lugarar, bysse og anna. Det har vore spesielt interessant å fylgje med korleis dei renoverer og bygg nye skap, køyer og benkar. Dette vert gjort på snikkarverkstaden

inne i byen. Heldigvis har oss mykje originalt om bord til å sjå og måle etter. Spesielt chieflugaren er svært original og god å ty til. Så er det å kike på gamle bilde for å finne detaljer og ting som oss må bestrebe oss på å få på plass igjen.

Som dykk veit er mykje reve og kasta, dessverre, men med slike gode snikkarfolk er mykje mogleg. Det skal verte flott folkens!

Vi har lenge hatt eit problem nede i maskinrommet, med ein av generatorane.

Dette var ein eldre Volvo MD50 motor, som det etterkvar vart konstatert at det ikkje fanst bøtevон for.

Og her var det berre å søkje etter ein brukt som skulle erstatte den havarerte. Det som eg tenkte og trudde var ei enkel sak å finne, men det vart det sanneleg ikkje!

Ikkje har eg anledning å sette inn ny, då rista Riksantikvaren på hovudet. Nei, her vart det berre å søkje rundt om. I Norge, i Danmark, i Sverige ja over alt ein kan tenkje seg. Mange har hjelpt til, og til slutt makta vi finne ein i Uddevalla Sverige.

Den er no på plass, marinisert og fin, og ser greitt ut.

Når eg no nemner den store interessa for å hjelpe, så seier eg igjen eg er overvelta over interessa, og kan berre takke så mykje. Betyr at Polarstar betyr mykje for mange.

Nyleg no i februar sende eg tre store pallar med utstyr og deler frå Polarstar som skal på plass igjen om bord. Somt av utstyret er høgst brukbart, somt vert montert om bord som minner om slik det var.

Endå er det naturlegvis saker og ting som har forsvunne over tid, som sikkert ligg heime hjå einkvan som personlege minner. Slikt har eg den djupaste respekt for, men er der noko som ligg rundt om, som folk veit har vore om bord i skuta og som dei ikkje har bruk for, så er eg naturlegvis interessert i det.

Eg har sagt det før og eg seier det gjerne igjen, eg er overvelta og takksam for all hjelp,



Hovudmessa byrjar å ta form. Isolasjon, platekledning og benkar m.m vert nytt.

interesse og støtte eg har fått gjennom desse snart 3,5 år skuta har lagt i Stettin.

Og eg skal love at på veggen ein eller annan stad skal det henge ei oversikt over dei som har bidrege på eit eller anna vis. For eksempel fekk eg ei melding for nokre veker sidan om at skiltet over stuert lugaren var funnen og vil bli gitt til meg.

Det kan høyrest ut som ei lita fillesak, men dette er spesielt, for då veit eg at blant andre bror min Kolbjørn nok ofte gjekk under det skiltet. Små ting, men veldig viktig for heilheita, for historia, for båten!

Mange fine historier, for nokre månadar sidan kom Ordføraren i bygda vår Anders Riise køyrande til gards med varebil. Inn i bilen hadde han ein lyskastar som har vore om bord i Polarstar.

Den låg visstnok ute på nett for sal. Ordføraren kjøpte like godt lyskastaren og gav den til oss. No er den i Stettin klar for montering!

Bjørn I Røyset kom over den gamle styrehusdøra som var om bord i Polarstar. Den har han fått til Brandal og er ved museet der. Kan dessverre ikkje nyttast om bord etter dagens reglar, men vil heilt sikkert få ein framståande plass i utstillingane ved museet.

Og la eg ta med her at tidleg i februar var eg ein tur til Leikong, etter å ha fått beskjed om at ut i ei løe sto den gamle dreie- og arbeidsbenken,



Stadig kjem nye overraskinger. Her er det opprusta vassrøyr frå ein av lugarane bak. Men alt slikt vert no nytt.

som hadde vore om bord, og hadde sin plass nede i maskinrommet.

Etter den meldinga var det å reise dit ut, koste vekk litt av høystålet, og få dreiebenken i varebilen. No er benken framme i Stettin, under full oppshining, og skal om bord på sin gamle plass.

Og når eg først er inne på slikt, så er det ein ting eg spesielt lurer på, og det er kvar det vart av det gamle skiltet som hang på styrehus-skottet under Polarstar namnet, skiltet som viste byggeplass, tid og bygg nr. det hadde vor spesielt fått på plass igjen! Så er det nokon som veit....

Og så dei mange telefonane då, e-postane osv.. om folk som vil vere mannskap på heimseglinga! Må no minst ha 100 på lista!

Det er kjempekjekt, og eg lyt no snart byrje tenkje på det, no når oss har endeleg bestemt heimreise-tidspunkt!

Så går du rundt med ynskje om eit historisk eventyr, så berre ta kontakt! Mannskapslista er som sagt alt lang, mange som vil vere med, men har du den rette søknaden så er eg ganske påverkeleg!

I den samanheng har eg lyst å fortelje ei lita artig historie. Her eine dagen ringte det ein telefon frå ein Ottar Solås, frå Sørbøvåg i Sunnfjord. Han hadde vore om bord i Polarstar

1954-1956, og melde seg som mannskap! Fantastisk!

Eg og han hadde oss ein god prat, det viste seg at denne karen har hukommelsen i orden og oss snakka vel og lenge. Om han vert mannskap står att å sjå, men uansett skal han til Brandal heimkomsthelga.

Han hadde også fortid om bord Furenak. Altså ein av dei gode gamle veteranane dette, som eg gler meg storleg sjå om bord i skuta i slutten av august.



Detalj. Lysventilane har vore på land og blitt pussa blanke.

Det er skikkeleg heilagstund å få snakke med slike karar! Håper alle som lever og har hatt sitt virke om bord i Polarstar vert å sjå i Brandal denne heimkomsthelga.

Hermann Bakke er vel den eg veit her i bygda som er den eldste, og var med alt første turen i 1948. Meld deg til Ishavsmuseet dersom du har vore mannskap om bord, i kort eller lengre periode!

Eg ynskjer sjå dykk alle som ein, ilag med andre ishavsfolk i ein herleg miks som kan gle seg over at skuta er berga for framtidia.

Eg kan snart ikkje vente på synet og tanken når Polarstar uti august rundar Kvitneset og ser ishavsbypa og heimehamna igjen!

Sjølv ishavskjerringa og han Peter S på sine soklar vil nok nikke gjenkjennande den dagen! For ikkje å snakke om ishavsdronninga Else Karlsen!



Også dei gamle opprusta varmomnane byrjar verte fine.

Eg ynskjer ei feststemd bygd den dagen. Det er eit eventyr, skreiv ein Brandal-ætting for ei tid sidan, ja, sanneleg er det det!

Den største utfordringa no framover er tid, sidan verftet har mykje å gjere av andre ting, men vi har ein god plan for ferdigstilling no, som skal halde. Dersom vi då ikkje ryk på eit problem som seinkar oss. NMD og Riksantikvaren er naturlegvis nøkkelfolk i denne samanheng, vidare skal dette sluttfinansierast, og det krev sin mann, det kan eg love dykk!

Men no er det store fokuset på dokkinga som skjer no i slutten av mars. Det vert spennande! Dokkingstaden ligg berre 3-400 meter frå kai der Polarstar ligg til vanleg, så det er ikkje lange biten. Der vert det «konsentrerte dagar» før skuta igjen kjem til kai, for den siste langspurten fram til godkjenning og heimreise.

Vi skal også i denne perioden sluttrenovere den gamle livbåten som har henge der om bord. Listermotoren står ferdig overhala i lag med propell, aksling og det som høyrer til, flytetankar er reparerte og delvis nybygde, og vi har vore klare til å ta treverket og glasfiberen som må fiksast.

Og når vi no skulle plassere arbeidet med eit lite fint verkstad ved sida av oss, så viser det seg dei er konkurs. Og då står vi der akkurat no, utan alternativ. Men det ordnar seg nok denne



Arbeid med platekledning i Captains cabin.

gongen med, prosjektleiar Marek vil nok finne eit alternativ som kan gjere jobben.

TV og radio har byrja vakne til liv der nede også, når dei no ser at skuta snart skal forlate Polen og gå heim.

Eg ynskjer alle Polarstarvenner ein fin vår. I Polen skal det jobbast hardt og alle ser fram til eit flott resultat. Ikkje minst dei som står midt oppe i det der nede.

Kontakt meg gjerne dersom det er noko du lurer på eller har tenkt på. Elles er det berre å fylgje med på nettsidene til Ishavsmuseet framover, der vil kome små og større nyheter etterkvart som våren skrid fram. Og les Isflaket og støtt museet, det er godt for helsa og sjela!

Beste helsing

Willy (tlf 95070668)



VEDDE AS

- 6030 Langevåg • Telefon: 70199950 • Faks. 70199960
- Råstoffkjøp: 90504269 • Mail: office@vedde.no



I vesterveg med «Arktos»

Av Sigmund Bøe

Det begynte 28. januar 1940. Det var den dagen jeg reiste hjemmefra og gikk om bord i M/S «Arktos» for å begynne klargjøring til fangsttur ved Newfoundland/Labrador.

På forhånd var det nedlagt mye arbeid og omtanke for å få det personlige utstyr ferdig. Vi regnet med ca. 4 måneders tur uten havneanløp. Klesvask om bord forekom nesten ikke, så en måtte ha med rikelig med klær. Det gikk mest på ulltøy, og mor hadde hatt en travl tid med å få alt i stand.

For så vidt var det ikke så rart at hun alltid var urolig og redd når vi guttene var ute på sjøen. Ikke gjorde det saken bedre at jeg hadde vært med «Arktos» til Newfoundland føltet året før, da vi fikk sånt overhendig vær på overfarten. Jeg hadde imidlertid funnet at sjøen var min rette tumlelass, det var der jeg virkelig følte meg hjemme. Komme hva komme ville, jeg måtte reise.

Jeg var da heller ingen «skårunge». Jeg var 23 år, hadde 4 ishavssesonger bak meg, 2 sommersesonger på banklinefiske, storsildfiske og kysttorskefiske fra jeg var 15 år, og før det småfisker på fjorden i årevis.

Alt i alt en nokså solid erfaring som også omfattet 72 dagers rekruttskole med I. R. II på



Ishavsskuta «Arktos» slik den såg ut før ombygginga til 1940-sesongen. Foto frå Anne Karin Notøy

Det var ikke så lett å rive seg løs hjemmefra, for mor ville ikke at jeg skulle reise, og hun prøvde på alle måter å overtale meg til å bli hjemme.

Hun hadde fått skrekk for havet, det var så mange av hennes slekt som var omkommet der, noen på de store hav, noen like utenfor hjemmestøa.

Setnesmoen, avsluttet med 5 dagers manøver i Verdal/Stjørdalsområdet.

Det var for øvrig min første togreise da vi reiste fra Åndalsnes til Hell i hestevogner med litt halm på dørken, det var den gamle typen som var merket «40 mann-8 hester», og jeg husker at vi frøs jammerlig over Dovre.

Hva vær og vind angår så visste jeg godt hva vi kunne komme ut for. Jeg hadde opplevd to av de store Vesteris orkanene med vindstyrke på 60-70 m/sek i 25-30 minusgrader, og på overfarten

til Newfoundlandfeltet året før kjempet vi oss gjennom en av de verste Nord Atlanter-havsturmene en kan tenke seg.

Av de seks skutene som var på vei vestover, ble tre brukket med av sjøen, en med hele besetningen, mens mannskapet på de andre ble reddet under dramatiske omstendigheter, den ene av fangstskutene «Polarbjørn» og «Polaris», den andre av Svenska Amerikalinjens «Drottningholm».

Denne reisen er ellers blitt nøyne skildret av Trygve Nordanger i boken «Dramaet i Nordatlanteren». På den turen hadde «Arktos» dampmaskin og kullfyring og var nedlastet med bunkers. Nå hadde den gått gjennom en total ombygging ved Liaaen Verft i Ålesund, og den lå fremdeles der da vi gikk ombord.

Det var nesten bare snaue skroget som var igjen av den gamle «Arktos». Dampmaskinen på 500 hk med kjeler og kullbokser midtskips var revet ut og ny Atlas Polar diesel på 650 hk innmontert akter. Overbygg og bro midtskips var også fjernet og nytt moderne påbygget akter. Innredningen var meget tidsmessig. Der var bl.a. stor mannskapsmesse vegg i vegg med byssa, med serveringsluke imellom.


Det var nesten ikke til å tro for oss som var vant til å bære matbakkene over åpent dekk i allslags vær. Det var vel et av de største fremskritt jeg har fått være med på ombord i slike båter og langt forut for sin tid.

Der var også dusjrom med varmtvannstank i skorsteinen, riktignok sjøvann, men vi syntes likevel det var storartet.

Det var 4-mannslugarer for fangstfolk akter, ruffen forut skulle også omninnredes til 4-mannslugarer, men tiden ble knapp, så den ble foreløpig uforandret.

Det ble hektiske dager for å bli ferdig i rett tid, men lørdag 17. februar var vi klar og klarerte ut fra Aalesund. Vi var tre skuter ilag, de samme som året før, «Polarbjørn», «Polaris» og «Arktos», alle fra Brandal.

Tradisjonen tro anløp vi Brandal før vi stakk til sjøs. Her var rederens kontor og sjøhus.



«Arktos» etter ombygging, til kai på Brandal før avgang i 1940.

Forskjellige småting skulle i land eller ombord før avgang, og så skulle der jo tas ordentlig farvel med venner og kjente. Mange av mannskapene hørte jo hjemme her i Brandal og Hareid.

Vi som bodde litt lenger borte hadde tatt avskjed da vi stakk ombord. I tre uker hadde vi vært om bord og gjort klar, men det kom aldri på tale å ta en tur hjem. Når en var reist på tur, så var en reist, ikke mer å snakke om det.

I dag høres det nok temmelig utrolig ut, men slik var det. Det fikk greie seg med å skrive brevlapp før vi gikk til sjøs.

Blant andre ting som ble sent i land i Brandal var kofferten med landgangsklær. Det var trangt om plass ombord og rått og fuktig, så det var nokså vanlig at en fikk satt klærne i land før avgang. Vi regnet ikke med å komme til land på turen, og tok det for gitt at vi skulle komme tilbake hit når turen var slutt.

At vi skulle komme til å slate ut mange dresser før vi kom hjem, var det absolutt ingen som tenkte.

Det var nok litt mer enn vanlig alvor over avskjeden sette året, av flere årsaker: Det var for en stor del mannskapet ombord som hadde vært med året før da vi fikk en sånn herlig juling på overfarten.

